



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Thon hotell/formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 08.09.2015
Tid: 14:00

Møtet startar kl. 14:00 med nabopratt med Hareid kommune på Thon hotell Fosnavåg.

Deretter vert det ordinært formannskapsmøte på rådhuset.

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 01.09.2015

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 160/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 161/15	Protokoll frå førre møte
PS 162/15	Delegerte saker
PS 163/15	Referatsaker
PS 164/15	Detaljreguleringsplan for Frøystad gamle skule - utlegging til offentleg ettersyn
PS 165/15	Overtakelse av anlegg - uteområde ved nytt hotell
PS 166/15	Løyve til utlysing stilling barnevern og psykisk helse
PS 167/15	Kommunedelplan for Herøy - Bustadpolitikk 2015 - 2019
PS 168/15	Detaljreguleringsplan for gnr. 37, bnr. 222 mfl. Eggesbø - handsaming etter offentleg ettersyn
PS 169/15	Klage på vedtak - Reguleringsplan FV 654 indre Herøy kyrkje - Stokksundbrua
PS 170/15	Oppretting av heimlar og budsjettkorrigering i Bu- og habiliteringsavdelinga
PS 171/15	Søre Sunnmøre Landbrukskontor - organisering. Delegerte saker frå avdelingane
DS 13/15	Kjøp av tomt 12/277 - Remøya Referatsaker
RS 45/15	Informasjon om vedtatt investeringsprogram for fylkesveggar 2016 - 2023
RS 46/15	Høyring - innføring av eit register for offentleg støtte.
RS 47/15	Til alle kommunepolitikere - Adopsjonsforum
RS 48/15	Likestillingsprisen 2015
RS 49/15	Melding om vedtak i styresak 30/2015 frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Nabopratt med Hareid kommune på Thon hotell Fosnavåg.

PS 160/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 161/15 Protokoll frå førre møte

PS 162/15 Delegerte saker

PS 163/15 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/566
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
164/15	Formannskapet	08.09.2015

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 20, BNR. 27 MFL. PÅ FRØYSTAD - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, å leggje detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Særutskrift:

- Anleggs- og driftsavdelinga, her.
- Egedomsavdelinga, her.

Vedlegg:

Prenta:

1. Reguleringsplankart, datert 25.8.2015.
2. Reguleringsføresegner, datert 25.8.2015.
3. Planomtale, datert 25.8.2015.
4. ROS-analyse, datert 25.8.2015.
5. Innspel frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, datert 13.2.2014.
6. Innspel frå Statens vegvesen, datert 17.2.2014.
7. Innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 25.2.2014.
8. Innspel frå Frøystad Grendalag, datert 6.3.2014.
9. Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune, 10.3.2014.
10. Innspel frå Barnerepresentanten, datert 19.3.2014,

Uprenta vedlegg:

1. Møtereferat frå ope møte, datert 5.3.2014.

Bakgrunn:

Frøystad skule vart lagt ned 31.12.2009 med overføring av elevane til Einedalen skule 1.1.2010. Eigedomsavdelinga har etter nedlegginga av skulen vore i dialog med grendalaga i området, samt ulike eksterne aktørar om etterbruk av området. Grendalaget har kome med forslag til utnytting av skulen sitt uteområde. Arbeidet med miljøsanering og riving av gamledelen på Frøystad skule og Eggesbøvegen 20 starta i august. Eigedomsavdelinga ønskjer å omdisponere arealet til bustadføre mål og friområde.

Saksopplysningar:

Innspel til planarbeidet med kommentarar

Planarbeidet vart varsla igongsett med annonse i Vestlandsnytt 24.1.2014 og informasjon på kommunen si heimeside. Det vart sett frist til 7.3.2014 for å kome med innspel til planarbeidet. Det vart halde folkemøte på Herøy rådhus 3.3.2014.

Innan fristen kom det inn synspunkt frå 5 offentlege instansar og 1 innspel frå grendalaget. Kommunen har vore i dialog med grendalaget under vegs i planprosessen.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 13.2.2014, ber om at det vert teke omsyn til stigningstilhøve på gang- og sykkelveg i planen.

Kommentar:

Det er stor høgdeskilnad mellom dei ulike nivåa i området, frå parkeringsplassen ved fv 654 (utanfor planområdet), til grusplassen ved skulen til vegen Grønfjellsvegen i bustadfeltet på Frøystadtoppen. Ein har vurdert ulike trasear for gang- og sykkelveg, utan å finne ei god løysing med omsyn til stigningstilhøve.

Statens vegvesen, 17.2.2014, føreset at det gjennom reguleringsendringa vert innarbeidd og vedteke rekkjefølgjekrav om planskilt kryssing av fv 654 skal vere på plass før bustader innanfor området vert tekne i bruk. Støy må vurderast og avklarast nærare.

Kommentar:

I reguleringsføresegnene (§ 12 c) er det lagt inn rekkjefølgjekrav knytt til utbygging av området.

Støysone (H210 og H220) er vist som omsynssone – støysone på plankartet. Det er lagt inn rekkjefølgjekrav knytt til KS1 i reguleringsføresegnene (§ 12 b).

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 25.2.2014, minner om at det må gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet og at område med fare, risiko eller sårbarheit skal visast i planen som omsynssone. Fylkesmannen viser til at sør- og austlege delar av planområdet

ligg innanfor gul støysone og at det må gjerast vurderingar i høve til det. Born og unge sine interesser og behov for uteareal må sikrast på ein god måte.

Kommentar:

Det er utarbeidd ROS-analyse. Det er ikkje avdekt særskilte tilhøve. Når det gjeld støy vert det vist til kommentaren til Statens vegvesen sitt innspel ovanfor. Born og unge sine interesser er etter kommunen si vurdering sikra på ein god måte. Grusplassen ved Frøystad gamle skule er lagt ut til friområde i planforslaget. Det er også lagt til rette for leikeplass innanfor planområdet.

Møre og Romsdal fylkeskommune, 10.3.2014, meiner at området vest for annonsert planområde burde vere med i reguleringsplanen, for å få ei heilskapleg vurdering av framtidig arealbruk. FK minner om at barn og unge sine interesser må sikrast. Dei gjer merksam på at ved ev. omdisponering av areal som i dag er i bruk til eller eigna for leik, gjeld krav om fullverdig erstatning (jf. Rikspolitiske retningslinjer for barn).

Kommentar:

Herøy kommune har i hovudsak valt å regulere areal som er i kommunal eige / areal som har verdi for framtidig utnytting av skuletomta med tilhøyrande areal. Dette er mellom anna gjort for at ein ikkje skal pådra seg eit meir omfattande planarbeid enn nødvendig. Barn og unge sine interesser er etter kommunen si vurdering godt ivareteke. Grusplassen er i planforslaget lagt ut til friområde, og vil framleis kunne nyttast av barn og unge. Det er også lagt ut eit 1.9 daa stort areal til leikeplass i tilknytning til friområdet.

Frøystad Grendalag, 6.3.2014, kjem med fleire innspel i samband med oppstart av planarbeidet. Grendalaget meiner det er viktig at grensa nedover mot skulen ikkje blir trekt lenger opp. Grendalaget ønskjer tilgang til vatn og straum. Grendalaget signaliserer også at dei kanskje er interessert i å ta over delar av brakkene, leikeapparat, fotballmål, lysmaster og flaggstong.

Kommentar:

Grusplassen med noko tilgrensande areal (4.5 daa) er lagt ut til friområde i reguleringsplanforslaget. Friområdet grensar til område lagt ut til konsentrert småhus (KS1, 3.9 daa) i sør. Mot vest følgjer avgrensinga om lag kanten på grusbana, medan grensa mot aust følgjer om lag øvre kant på dagens gang- og sykkelveg. Detaljar knytt til vatn, straum og ev. overtaking av lausøyre vert å kome tilbake til i anna sak.

Barnerepresentanten, 19.3.2014, meiner det er viktig at det vert teke omsyn til fri- og leikeareal i planen. Skuleområdet og området rett sør for skulebygningane er mykje nytta og bør takast vare på til fri/leikeareal.

Kommentar:

Planforslaget legg til rette for at grusplassen framleis kan nyttast til fri- og leikeareal. Det er også lagt ut eit 1.9 daa stort areal til leikeplass i tilknytning til friområdet. Det er elles lagt ut to mindre område til grøntstruktur innanfor planområdet.

Omtale av planforslaget

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for bustadføremaal (konsentrert) og friområde på areal som tidlegare var lagt ut til offentleg føremaal (skule). Tiltakshavar er Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga.

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Frittliggjande småhus (FS1 og FS2)

Delar av tomt i frå reguleringsplan for Frøystad (planID 197602) inngår i FS1. Eksisterande bustadhus på gnr. 20, bnr. 21 inngår i FS2. Maksimun tillaten BYA er sett til 30 % for FS-

områda. I FS-områda skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 meter.

Konsentrerte småhus (KS1 og KS2)

Skuletomta er lagt ut til konsentrert småhus (KS1). For KS-området er maksimum BYA sett til 40 %. I KS1 skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 8 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 9 meter.

Eksisterande 4-mannsbustad på gnr. 20, bnr. 91 inngår i KS2 i reguleringsplanen

Leikeplass (LP)

Det er i planforslaget lagt ut 1.9 daa til leikeplass. Leikeplassen skal vere offentleg og open for alle. Leikeplassen skal i hovudsak nyttast til fri leik.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

Køyreveg (V)

o_V1 og o_V2 er del av offentleg tilgrensande planlagt veg.

o_V3 er offentleg tilkomstveg til o_F (friområde).

o_V4 er offentleg tilkomstveg for tilgrensande bustadtomter (FS2, KS1 og KS2).

f_V5 er felles tilkomst for KS1.

Gang- og sykkelveg (GS1-GS2)

o_GS1 og o_GS2 er offentlege gang- og sykkelveg.

Parkeringsplass (P1- P2)

Det er lagt til rette for to parkeringsplassar i reguleringsplanen. o_P1 ligg like ved o_F (grusplassen). Handicap-parkering skal ha prioritet innanfor o_P1. o_P2 ligg langs kommunevegen o_V4. Anna parkering i tilknytning til friområdet (o_F) er forutsett skal skje ved bedehuset og på parkeringsplass ved fv 654.

Det er elles føresett at kvar bustadeining har naudsynt parkering på eiga tomt, jf. gjeldande krav i plan- og bygningslova.

Andre tekniske infrastrukturtrasear (AKA)

Eksisterande gang- og sykkelveg mellom skuleområdet og byggjefeltet er forutsett fjerna. Vegen er til dels bratt og trafikkfarleg for dei mjuke trafikantane. Ein føreset at gåande og syklende skal nytte vegen bort til bedehuset når dei skal opp i byggjefeltet. Problemstillinga er drøfta med grendalaget og ein har kome fram til at det vil vere ei tenleg løysing. Det ligg ein del kablar i gang- og sykkelvegtraseen. Den er i planforslaget lagt ut til andre tekniske infrastrukturtrasear.

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

Det er lagt ut to område til grønstruktur (G1 og G2) i planen. Områda er tenkt som ein grøn korridor / buffer mot tilgrensande areal.

Friområde (F)

Eksisterande grusplass med noko tilgrensande areal er lagt ut til friområde (4.5 daa).

Innanfor friområdet kan det opparbeidast enkle anlegg for opphald, leik og friluftsliv.

Området skal nyttast for samling og felles aktivitetar. Det er ikkje tillate å føre opp bygningar innanfor området.

Omsynsoner (PBL § 12-6)

Sikringsone (H140) – frisikt

Det er lagt inn nødvendig sikringsone i tilknytning til kryss, jf. Lovverket.

Støysone (H210 og H220) – støy (raud og gul sone)

Det er lagt inn omsynsone støy, H210 og H220 på reguleringsplankartet, jf. Statens vegvesen sine støykart. Det skal utarbeidast detaljert støyvurdering som skildrar nødvendige tiltak for å sikre at bygningar med tilhøyrande uteareal har tilfredsstillande støytilhøve i samsvar med T-1442/12. Det vert vist til rekkjefølgjekrava i § 12.

Faresone (H370) - høgspenningsanlegg

Det er lagt inn faresone i tilknytning til eksisterande luftspenn. Sikringsona er 7.5 meter til kvar side rekna frå senter, jf. gjeldande krav frå Mørenett AS. Linja skal stå inntil ev. jordkabel gir grunnlag for fjerning- Linja inkludert stolpar skal takast ned og fjernast av linjeeigar.

Infrastruktursone – rekkjefølgjekrav – leikeplass (H430)

Som omsynssone, H 430, er det vist krav om opparbeiding av leikeplass, jf. § 12 i rekkjefølgjekrava.

Vurdering:

Eigedomsavdelinga ønskjer å omdisponere skuletomta ved tidlegare Frøystad skule til bustadføre mål. Utviklingsavdelinga har no utarbeidd forslag til detalj-reguleringsplan for området. Detaljreguleringsplanen legg til rette for eit 3.9 daa stort område til konsentrert småhus. Grusbana ved skulen med noko tilgrensande areal er lagt ut til friområde. Området har i ei årrekkje fungert som leikeplass/ballplass og sosialt samlingspunkt for bygda. Det har vore eit utfordring å knyte dei ulike nivåa innanfor planen saman, på grunn av høgdeskilnad. Løysinga som er valt er ikkje optimal. Ein har etter ei grundig vurdering og drøftingar med grendelaget kome fram til at det er den beste løysinga. Dette sett i lys av at ein ønskjer å ta vare på mest mogleg av grusbana og leggje til rette for konsentrert småhus på skuletomta.

Naturmangfald

Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området, jf. Naturmangfaldlova.

Barn og unge

Barn og unge sine interesser er vurdert. Barn og unge sine interesser er godt ivaretekne.

ROS

Det er gjennomført ei generell ROS-analyse. Det har ikkje kome fram moment i analysen som krev nærare vurdering og utgreiing.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Fosnavåg, 25.08.2015.

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (§12-5 nr.1)

- Bustader - frittliggjande småhus (FS)
- Bustader - konsentrert småhus (KS)
- Leikeplass (LP)

Samferdselsanlegg og tek. infr. (§12-5 nr.2)

- Køyreveg (V)
- Gang-/sykkelveg (GS)
- Anna veggrunn - grøntareal (AV)
- Parkering (P)
- Andre tekniske infrastrukturresear

Grøntstruktur (§12-5 nr.3)

- Grøntstruktur (G)
- Frømråde (F)

Omsynsoner (§12-6)

- Faresone - Høgspenningsanlegg (H370)
- Sikringsone - frisikt (H140)
- Støysone - støysone (H210 - raud, H220 - gul)
- Infrastruktursone - leikeplass (H430)

Juridiske linjer og punkt PBL 2008

- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Byggjegrænse
- Bygningar som skal fjernast
- Regulert senterlinje
- Friskitslinje
- Regulert kant køyrebane
- Sikringsonegrense
- Angittomsynsgrense
- Faresonegrense

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

Eigarform:

o_ = offentlig formål

f_ = felles privat formål

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Geovekst AS

Dato for basiskart:

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 meter

Kartmålestokk 1:1000

Dato: 25.8.2015

Herøy kommune

Detaljreguleringsplan - PBL (2008) § 12-2

FOR GNR. 20, BNR. 27 MFL. PÅ FRØYSTAD

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: 201305

Forslagstillar: Herøy kommune

Kartprodusent: Herøy kommune

Revisjon av plankart	DATO	SIGN.
A		
B		
C		

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- BYGNINGSLOVA	SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:			
Formannskapet - utlegging til offentlig ettersyn			
Offentleg ettersyn frå til.....			
1. gongs handsaming i formannskapet - utlegging til offentlig ettersyn			
Kunngjering av oppstart av planarbeid:		24.1.14	BSS
Planen er utarbeidd av: Herøy kommune, Utviklingsavdelinga	PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEH.
			BSS

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 20, BNR. 27 MFL. PÅ FRØYSTAD

§ 1 - Avgrensing av planområdet

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 – Andre bestemmingar

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 – Forhold til kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga vert oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast med ein gong, og regional kulturmynde skal varslast, jf. Lov om kulturminne, § 8, andre ledd.

§ 5 – REGULERINGSFØREMÅL OG OMSYNSONER

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader – frittliggjande småhus (FS)
- Bustader – konsentrert hus (KS)
- Leikeplass (LP)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Gang- og sykkelveg (GS)
- Annan veggrunn – grøntareal (AV)
- Parkering (P)
- Andre tekniske infrastrukturtrasear (AKA)
-

Grønstruktur (PBL § 12-5, nr.3)

- Grønstruktur (G)
- Friområde (F)

Sikringssone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Faresone (H370)
- Frisikt (H140)
- Støysone (H210 - raud, H220 – gul)
- Infrastruktursoner – leikeplass
-

§ 6 - FELLESFØRESEGNER

- a. Detaljreguleringsplanen fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. Dei viste vegane i plankartet ligg fast. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegar etablerast innanfor FS og KS-område, som følgje av byggjesøknad.
- b. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillate bebyggd areal i prosent av tomte sitt nettoareal.

- c. Innanfor byggeområde kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.
- d. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.
- e. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.
- f. Som del av søknad om byggjetiltak innan KS1, skal det utarbeidast ei detaljert støyvurdering som skildrar nødvendige tiltak for å sikre at bygningar med tilhøyrande uteareal har tilfredsstillande støytilhøve i samsvar med T-1442/12. Støytiltak skal visast på situasjonsplan og ferdigstillast samtidig med ferdigstilling av bygningane på området.
- g. Vegareal er vist i plankartet. I tillegg til vist vegareal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggjast på tilgrensande grunn.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr. 1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningane si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke glasfasade. Parkeringsbehovet er føreset dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: maksimum BYA 30 %.
- KS - område: maksimum 40 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m² pr. bilplass. Parkeringsbehovet er føreset dekt på eige areal. Bustadbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bueining pluss 0.5 bil pr. bueining til gjesteparkering.

Dersom samla tal bueiningar overstig 10 i KS1, vert kravet til gjesteparkering redusert til 0.25 bil frå og med 11 bueining.

Som minste opphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av minimum 20 m² eigna areal for leik. Arealet skal gå fram av situasjonsplan. Innanfor KS-område gjeld krav til MUA 15 m². Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m².

2. Frittliggjande småhus (FS1-FS2)

Gjeld mindre del av tomt (gnr. 21, bnr.1), (FS1), som inngår i eldre reguleringsplan (reguleringsplan for Frøystad frå 1976).

Gjeld gnr. 20, bnr. 21, ei eksisterande bustadtomt (FS2). Maksimum tillaten BYA er 30 % for FS2. Bygg skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m.

3. Konsentrert småhus (KS1-KS2)

Gjeld delar av tidlegare skuletomt (KS1). Maksimum tillaten BYA er 40 % for KS1. Maksimum gesimshøgde er 8 meter og maksimum mønehøgde er 9 meter, jf. plan- og bygningslova.

4. Leikeplass (LP)

Området merka LP er offentleg og ope for alle. LP skal i hovudsak nyttast til fri lek. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd, leggast til grunn slik at leikeplassen heilt eller delvis kan nyttast av alle.

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Ikkje utbygd del av tomte skal utformast tiltalande. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan.
- d. Innafor kvar eigedom må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- e. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- f. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høggre enn 0,7 m over vevnivået. Ved avkøyrslø gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.

§ 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)

- a. Vegar og annan veggrunn:
I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

o_V1 og o_V2 er del av offentleg tilgrensande planlagt veg.

o_V3 er offentleg tilkomstveg til o_F (friområde).

o_V4 er offentleg tilkomstveg for tilgrensande bustadtomter (FS2, KS1 og KS2).

f_V5 er felles tilkomst for KS1.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. § 35. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

- b. Gang- og sykkelveg (GS):
o_GS1 og o_GS2 er offentlege gang- og sykkelvegar.
- c. Parkeringsplass (P):
o_P1 – o_P2 er offentlege parkeringsplassar i tilknytning til o_F. Handicap-parkering skal ha prioritet innanfor o_P1.
- d. Andre tekniske infrastrukturtraserar (o_AKA).
Gjeld eksisterande avløps- og vassleidningar i grunnen.

§ 10 – GRØNNSTRUKTUR

- a. Grønstruktur (G)
o_G1 – o_G2 er offentlig grønstruktur.
- b. Friområde (F)
Innanfor området kan det opparbeidast enkle anlegg for opphald, leik og friluftsliv. Området skal nyttast for samling og felles aktivitetar.

Det er ikkje tillatt å føre opp bygningar innanfor området.

§ 11 - OMSYNSSENER (PBL. § 12-6)

1. Sikringssone - frisiktsone (H140):
Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.
2. Støysone – raud (H210) og gul (H220) støysone:
Det er lagt inn raud og gul støysone på plankartet, jf. Statens vegvesen sine støykart. Det skal utarbeidast detaljert støyvurdering som skildrar nødvendige tiltak for å sikre at bygningar med tilhøyrande uteareal har tilfredsstillande støytilhøve i samsvar med T-1442/12. Det vert vist til rekkjefølgjekrava i § 12.
3. Faresone – høgspentanlegg (H370)
Det er lagt inn faresone i tilknytning til eksisterande luftspenn. Sikringsone er 7.5 meter til kvar side rekna frå senter, jf. gjeldande krav frå Mørenett AS. Linja skal stå inntil ev. jordkabel gir grunnlag for fjerning- Linja inkludert stolpar skal takast ned og fjernast av linjeeigar.
4. Infrastruktursoner – rekkjefølgjekrav – leikeplass (H430)
Som omsynssone, H 430, er det vist krav om opparbeiding av leikeplass, jf. § 12 i rekkjefølgjekrava.

§ 12 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 26)

- a. Nødvendig opphaldsareal ute, jf. leikeareal til bustadbebyggelse, skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- b. Ved utbygging av område KS1 skal støyfølsame bygningar og tilhøyrande uteareal skjermast mot støy innan krava fastsett i T 1442-/12. Støytiltak skal ferdigstillast samstundes med bygning.
- c. Før utbygging av KS1 skal planfri kryssing ved FV654, «Frøystadskaret», vere etablert. Det kan ikkje gjevast ferdigattest eller bruksløyve etter § 21-10 i plan- og bygningslova til bygging innanfor planområdet før planfri kryssing er etablert.

Herøy kommune, 25.8.2015.

Planomtale

Herøy kommune

Detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad



Herøy kommune

Innhold

1. Samandrag av planforslag
2. Nøkkelopplysningar
3. Bakgrunn for planarbeidet
4. Planstatus
5. Planområdet
6. Planskildring
7. Konsekvensar av planforslaget

Vedlegg:
ROS-analyse

1. Samandrag

Frøystad skule vart lagt ned 31.12.2009 med overføring av elevane til Einedalen skule 1.1.2010. Herøy kommune, ved eigedomsavdelinga ønskjer å omdisponere arealet til bustadføremål (konsentrert) og friområde.

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan med tilrettelegging for bustadføremål (konsentrert) og friområde.

Området på Frøystad er i gjeldande reguleringsplan for området (reguleringsplan for Frøystad, godkjend 30.9.1976), lagt ut til offentleg/allmennnyttig formål (barneskule), bustad, køyreveg og gangveg. Ei omdisponering av areala krev at det vert gjennomført reguleringsendring.

Planframlegget omfattar slike areal i daa:

Område	Ca. storleik, daa
Bygningar og anlegg	
- Frittliggjande småhus, FS1	0.4 daa
- Frittliggjande småhus, FS2	0.8 daa
- Konsentrert småhus, KS1	3.9 daa
- Konsentrerte småhus, KS2	1.6 daa
- Leikeplass, LP	1.9 daa
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
- Køyreveg (V)	1.8 daa
- Gang-/sykkelveg (GS)	0.5 daa
- Anna veggrunn	0.4 daa
- Parkering (P)	0.6 daa
- Andre tekniske infrastrukturtrasear (AKA)	0.2 daa
Grøntstruktur	
- Grøntstruktur (G)	0.6 daa
- Friområde (F)	4.5 daa
Sum areal	17.2 daa

Planarbeidet er vurdert i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova. Arbeidet kjem ikkje inn under føresegnene i forskrifta. Tiltakshavar er Herøy kommune. Planarbeidet er utført av Herøy kommune ved planleggar Berit Sandvik Skeide.

Det er ikkje fastsett kven som skal stå som utbygger innanfor området.

2. Nøkkelopplysningar

Kommunedel:	Leinøy
Stad/adresse:	6095 Bølandet
Forslagstillar:	Herøy kommune
Grunneigar:	Fleire grunneigarar
Eksisterande planstatus:	Reguleringsplan for Frøystad: Offentleg/allmennyttig formål (barneskule), bustad, køyreveg og gangveg
Planområde sitt areal (daa):	17.2 daa
Viktigaste reguleringsføremål:	Bygningar og anlegg (FS og KS-område, leikeplass), samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (køyreveg og gang- og sykkelveg, parkering) og grøntstruktur (grøntstruktur og friområde).
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei

3. Bakgrunn for planarbeidet

3.1 Bakgrunn

Frøystad skule vart lagt ned 31.12.2009 med overføring av elevane til Einedalen skule 1.1.2010. Eigedomsavdelinga har etter nedlegginga av skulen vore i dialog med grendalaga i området, samt ulike eksterne aktørar om etterbruk av området. Grendalaget har kome med forslag til utnytting av skulen sitt uteområde. Eigedomsavdelinga ønskjer å omdisponere arealet til bustadføre mål og friområde.

3.2 Formål

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for bustadføre mål (konsentrert buform) og friområde innanfor området som tidlegare vart nytta til skule.

Herøy kommune ønskjer som planmynde, å leggje til rette for bustadbygging i området. Planområdet ligg i sentralt i kommunen med relativt kort veg til barnehage, skule og fritidsområde.

Reguleringsplanen vert fremja som detaljreguleringsplan.

3.3 Planprosess

Planarbeidet vart varsla igongsett i januar 2014, med frist for å kome med innspel til planarbeidet sett til 7.mars 2014. Innan fristen kom det innspel frå 5 offentlege instansar og 1 innspel frå grendalag.

Det vart halde informasjonsmøte om planarbeidet på Herøy rådhus 3. mars 2014. I møtet vart det informert om arbeidet og det var høve til å stille spørsmål og kome med kommentarar.

4. Planstatus

4.1 Reguleringsplan

Det meste av arealet inngår i reguleringsplan for Frøystad (godkjend 30.9.1976). I gjeldende plan er arealet lagt ut til offentlig/allmennytlig formål – barneskule, bustad, køyreveg og gangveg.



Øvre del av planområdet inngår i reguleringsplan for Frøystad bustadfelt II frå 2012.

5. Planområdet

5.1 Lokalisering

Planområdet ligg på Frøystad, like ved innfartsåra (fv 654) til Fosnavåg i Herøy kommune. Området har god tilknytning til overordna vegnett og det regionale kollektivtilbudet.



Lokalisering og avgrensing av planområdet

Frå planområdet er det kort veg til barnehage (Troll-lia). Det er og relativt kort veg til Einedalen skule (1.-7.klasse) og skulefritidsordning.

5.2 Avgrensing

Planområdet grensar i sør/søraust til fylkesveg 654. Delar av den gamle kommunevegen inngår i planforslaget.

I aust og nord grensar planen til eksisterande bustader (reguleringsplan for Frøystad frå 1976). I vest grensar planen til eksisterande bustader, tidlegare landbruksareal og utmark.



Flyfoto med innteikna plangrense

5.3 Storleik og eigedomstilhøve

Planområdet omfattar 17.2 daa. Følgjande eigedommar inngår i planområdet: 20/21, 27,31, 50 og 91.

5.4 Eksisterande busetnad

Delar av planområdet er bebygd. Einebustaden på gnr. 20, bnr. 21 og 4-mannsbustaden på gnr. 20, bnr. 91 inngår i planframlegget. Den gamle skulen, som består av fleire bygg frå ulike tidsepokar/byggjetrinn, er forutsett fjerna.



Den eldste delen av bygningsmassen på skuletomta

5.5 Topografi

Det er stor høgdeforskjell frå nedre del av området (den gamle kommunevegen, ca. 19 meter) og øvre del av området (Grønfjellsvegen, ca. 37 moh). Planområdet ligg vendt mot sør. Området har god soltilgong heile året.

5.6 Vegetasjon, dyreliv og andre naturforhold

Delar av området er kledd med furuskog og lauvskog.

Det er etter det kommunen kjenner til, ikkje registrert raudlisteartar eller andre spesielle naturverdiar i området.

5.7 Kulturminne


I følge tilgjengelege databaser er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det er ikkje SEFRAK-bygningar innanfor området.

5.8 Veg og trafikkforhold

Fylkesveg 654 har ein ÅDT på 3650 (2012) på strekninga nedanfor planområdet. Fartsgrensa er 80 km/t. Dei andre vegane i området er i kommunal eige og har fartsgrense 30 og 50 km/t.

5.9 Støy

Nedre del av planområdet inngår i gul sone på Statens vegvesen sitt støykart. Støykartet viser berekna raud ($L_{den} > 65\text{dB}$) og gul ($L_{den} > 55\text{dB}$) støysone langs fylkesvegen.



Utsnitt frå Statens vegvesen sitt støykart

Trafikkmengda langs fylkesveg 654 er vurdert å kunne kome i konflikt med dei krava som er sett i rettleiaren for handsaming av støy i arealplanlegging (T1442-12). Ein kjenner ikkje til andre støykjelder innanfor området.

5.10 Vatn og avløp

Herøy Vasslag AS opplyser at det er god vasskapasitet i området i dag. Sløkkjevasskapasiteten er også god.

5.11 Private og offentlege servicetilbod

Det er kort veg til næraste barnehage (0.5 km til Troll-lia). Etter det kommunen kjenner til har barnehagen kapasitet til å ta i mot fleire born. Det er også relativt kort veg til Einedalen skule (1.8 km med bil).

6. Planskildring

6.1 Nøkkeldata

Areala er delt inn i følgjande område:

Område	Storleik, daa	Utnytting, BYA	Kommentar
FS1 – FS2	0.4 +0.8	Utnytting, maks BYA=30 %	FS2 er eksisterande bustadeigedom.
KS1 – KS2	3.9 + 1.6 daa	Utnytting, maks BYA=40%.	KS1 er tidlegare skuletomt. KS2 er eksisterande bustadeigedom med 4-mannsbustad.
LP	1.9		Gjeld leikeplass
Køyreveg (V1-V5)	1.8		
Gang- og sykkelveg (GS1-GS2)	0.5		
AV1 og AV2	0.4		Omfattar annan veggrunn-grøntareal i tilknytning til V1 og V3.
Parkering (P1-P2)	0.6		Gjeld parkeringsplass ved den grusbana og parkering langs kommuneveg.
Andre tekniske infrastrukturtrasear	0.2		Gjeld eksisterande kommunale leidningar i grunnen.
Grøntstruktur	0.6		
Friområde	4.5		
Samla området	17.2		

6.2 Reguleringsformål

6.2.1 Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Frittliggjande småhus og konsentrerte småhus (FS1-FS2) og KS1-KS2)

Delar av tomt i frå reguleringsplan for Frøystad (planID 197602) inngår i FS1.

Eksisterande bustadhus på gnr. 20, bnr. 21 inngår i FS2.

Maksimun tillaten BYA er sett til 30 % for FS-områda. I FS-områda skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 meter.

Det er lagt til rette for eitt område for konsentrerte småhus (KS1). For KS-området er maksimum BYA sett til 40 %.

I KS1 skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 8 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 9 meter. KS2 er bebygd (4-mannsbustad).

Leikeplass (LP)

Grusplassen med noko tilgrensande areal er lagt ut til offentleg friområde.

6.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

Køyreveg

I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

o_V1 og o_V2 er del av offentleg tilgrensande planlagt veg.

o_V3 er offentleg tilkomstveg til o_F (friområde).

o_V4 er offentleg tilkomstveg for tilgrensande bustadtomter (FS2, KS1 og KS2).

f_V5 er felles tilkomst for KS1.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. § 35. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

Gang- og sykkelveg (GS):

o_GS1 og o_GS2 er offentlege gang- og sykkelveg.

Parkering

Det er lagt til rette for to parkeringsplassar i reguleringsplanen. o_P1 ligg like ved o_F (grusplassen). Handicap-parkering skal ha prioritet innanfor o_P1. o_P2 ligg langs kommunevegen o_V4. Anna parkering i tilknytning til friområdet (o_F) er forutsett skal skje ved bedehuset og ved fv 654.

Det er elles føresett at kvar bustadeining har naudsynt parkering på eiga tomt, jf. gjeldande krav i plan- og bygningslova.

Andre tekniske infrastrukturtrasear (AKA)

Eksisterande gang- og sykkelveg mellom skuleområdet og byggjefeltet er forutsett fjerna. Vegen er til dels bratt og trafikkfarleg for dei mjuke trafikantane. Ein føreset at gåande og syklande skal nytte vegen bort til bedehuset når dei skal opp i byggjefeltet. Problemstillinga er drøfta med grendalaget og ein har kome fram til at det vil vere ei tenleg løysing.

Det ligg ein del kablar i gang- og sykkelvegtraseen. Den er i planforslaget lagt ut til andre tekniske infrastrukturtrasear.

6.2.3 Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

Grøntstruktur (G1 og G2)

Det er lagt ut to område til grønstruktur i planen. Områda er tenkt som ein buffer mot tilgrensande areal.

Friområde (F)

Eksisterande grusplass med noko tilgrensande areal er lagt ut til friområde. Innanfor friområdet kan det opparbeidast enkle anlegg for opphald, leik og friluftsliv. Området skal nyttast for samling og felles aktivitetar. Det er ikkje tillate å føre opp bygningar innanfor området.

6.3 Omsynsoner (PBL § 12-6)

Sikringssone – friskt (H140)

Frisikt i vegkryss må ikkje nyttast slik at den på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisktsona skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

Støysone – støy (raud og gul sone, H210 og H220)

Det er lagt inn omsynsone støy, H210 og H220 på reguleringsplankartet.

Faresone - høgspenningsanlegg (H370)

Delar av eksisterande 22 kV linje inngår i planområdet. Mørenett AS opplyser at linja er relativt gamal og må fornyast om nokre år. Kraftselskapet har ikkje teke stilling til korleis det skal gjerast. Dersom byggjefeltet på Frøystad vert utvida, vil linja bli kabla frå Frøystadskaret og nedom byggjefeltet.

Det er lagt inn omsynssone – faresone for delar av luftspennet i samsvar med gjeldande avstandskrav for 22 kV (7.5 meter ut frå senter på kvar side).

Infrastruktursone – krav om rekkjefølgje (H430) og krav om opparbeiding (H450)

Som omsynssone, H 430, er det vist krav om opparbeiding av leikeplass, jf. § 12 i rekkjefølgjekrava.

6.4 Risiko- og sårbarheit

Ras og flaum

Området er i følgje www.gislink.no ikkje utsett for snø-, jord-, stein- eller større fjellskred. Området er heller ikkje utsett for flaum eller flaumskred.

Luft- og grunnforureining

I følgje tilgjengelege databaser er området ikkje utsett for luft- eller grunnforureining.

Radon

Det ligg ikkje føre systematisk kartlegging av radonnivået i kommunen. I samband med utarbeiding av reguleringsplan for Frøystad bustadfelt II vart det gjennomført radonmåling. Resultat frå målinga viser radonkonsentrasjonar langt under fastsett grenseverdi

For øvrig vert det vist til krava i TEK 10 når det gjeld spørsmål om tiltak/ev. målingar for nye bygg.

Havnivåstigning

Området er ikkje utsett for havnivåstigning.

Støy

Støyinformasjonen som ligg til grunn for planarbeidet er henta frå Statens vegvesen. Før utbygging er det sett krav om konkret støyvurdering slik at nødvendige tiltak for nye bustader kjem under Lden 55 dB.

Andre forhold

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje forhold knytt til risiko eller sårbarheit eller andre samfunnsmessige konsekvensar som skulle tale i mot fremja arealbruk. Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering, jf. ROS-skjema.

6.5 Plankart og føresegner

Plankartet er utarbeidd på bakgrunn av tilgjengeleg grunnkart for området. Områdeplanen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøvern-departementet sin rettleiar «Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister». Jamfør også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2009.

Føresegnene gir utfyllande reglar for arealbruken innanfor områdereguleringsplanen.

7. Konsekvensar av planforslaget

7.1 Plangrep

Løysinga inneber endring av tidlegare skuleområde på Frøystad, frå offentleg formål til bustadformål (konsentrerte bustader). Tomta er omkransa av gang- og sykkelveg, køyreveg og grusbane. Utnyttingsgrad er sett til BYA % = 40. Nye bygg skal plasserast innanfor viste byggegrenser.

7.2 Støy

Som nemnt i kapittel 5.9 inngår nedre del av planområdet i gul sone på Statens vegvesen sine støykart. Det er lagt inn raud og gul støysone på plankartet. Det er sett krav om at det skal utarbeidast detaljert støyvurdering som skildrar nødvendige tiltak for å sikre at bygningar med tilhøyrande uteareal har tilfredsstillande støytilhøve i samsvar med T-1442/12. Det vert vist til §§ 11 og 12 i reguleringsføresegnene.

7.3 Høgspenningsanlegg

Det vert vist til kap. 6.4. Det er lagt inn omsynssone – faresone for delar av luftspennet i samsvar med gjeldande avstandskrav for 22 kV (7.5 meter ut frå senter på kvar side).

7.4 Naturmangfaldlova

Planforslaget er vurdert i høve til prinsippa i naturmangfaldlova og i høve til anna tilgjengeleg kunnskap i databaser. Så langt ein kan sjå, er ikkje planforslaget i konflikt med sårbare artar, naturtypar eller område med særskilt sårbare økosystem.

7.5 Universell utforming

Det vert vist til plan- og bygningslova §§1-1 og 29-3, jf. også TEK10. Ein føreset at PBL og TEK10 vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen.

7.6 Born og unge

Eksisterande grusbane med noko tilgrensande areal ved gamleskulen er lagt ut til offentleg friområde. Det er også lagt til rette for leikeplass innanfor planområdet. Barn og unge sine interesser er etter kommunen si vurdering godt i vareteke i planen.

7.7 Estetikk

Det er viktig at nye bygg får ei god terrengtilpassing ut frå omsynet til god arkitektonisk utforming, visuell kvalitet og sikkerheit.

Etter kommunen si vurdering vert dei konsentrerte småhusa liggjande fint til i landskapet. Det er i planen lagt vekt på å sikre ein gjennomgåande grønststruktur i området med stiar, gangveggar og fortau.

7.8 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Det regulerte området er i all hovudsak i kommunal eige. Konsekvensane for kommunen vil vere avhengig av kommunen si deltaking i utbygginga av området. Det

er ikkje teke stilling til kva rolle kommunen skal ha. Men kommunen vil vere ein viktig medspelar i høve til realisering, så langt det let seg gjere økonomisk og praktisk.

7.9 Risiko og sårbarheit (ROS)

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje tilhøve knytt til risiko eller sårbarheit som talar i mot fremja arealbruk. Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering.

Herøy kommune 25.8.2015.

Detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	h	Er det verneområde – natur i området?	X	
	i	Er det sårbar flora / fauna i området?	X	
	j	Er det automatisk freda kulturminne i området? <i>Kommentar: Ikkje innanfor planområdet.</i>	X	
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Verksemd-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	X	
Brann-/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull slökkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området problematiske tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?		
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenningslinjer? <i>Kommentar: Ja. Det er lagt inn omsynssone i planframlegget i forhold til høgspenningslinje.</i>		X
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningsmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevann, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvann?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 25.8.2015 av Berit Sandvik Skeide

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saksnr
2013/566

Arkivkode
L12

Dato
13.02.2014

UTTALE FRÅ RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kom med slik uttale i møte 10.02.14:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det må takast mest mogleg omsyn til stigningsforhold.



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HTV. ⑥

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2013/566	Saksbeh. BSS
18 FEB. 2014	
Ark.kode P	L12
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 10
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2014/007798-003

Dykkar referanse:
2013/566

Vår dato:
17.02.2014

Fv 654 - Herøy kommune - Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid (endring) - Gnr. 20 , bnr. 27 m.fl. Frøystad (nedlagt skule) - Uttale

Viser til varsel i skriv av 17.1.2014 frå Herøy kommune om oppstart av arbeid med reguleringsendring på gnr 20 bnr 27 m.fl. på Frøystad. Det vert gjennom planendring teke sikte på å leggje til rette for bustadføremål og friområde.

Til varsla planarbeid har Statens vegvesen desse merknadane/innspela:

1. Vi føreset at det gjennom reguleringsendringa vert innarbeidd og vedteke rekkjefølgjekrav om planskilt kryssing av fylkesveg 654, løysinga i reguleringsplanen *Planfri kryssing av Frøystadskaret*, må vere på plass før bustader innanfor varsla planområde vert tekne i bruk.
2. Gjennom planarbeidet må konsekvensar og eventuelle tiltak i høve til støy vurderast og avklarast, jamfør Miljøverndepartementet sine retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga (rundskriv T-1442).

Utover dette har vi i denne omgang ikkje særlege merknader og innspel til varsla planarbeid.

Nærare detaljer vert å kome attende til når framlegg til reguleringsendring ligg føre etter regelverket i plan- og bygningslova.

Plan og trafikkseksjonen

Med helsing

Ole Jan Tønnesen
Ole Jan Tønnesen

seksjonsleiar

Hallvard Sæverud
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/566	Saksbeh. BSS
26 FEB. 2014	
Ark.kode P 212	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 12
Kassasjon	

Herøy kommune

Detaljregulering - reguleringsplan gnr20 bnr27 m.fl på Frøystad Fråsegn til melding om oppstart

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Samfunnstryggleik

Etter plan- og bygningslova sin § 4-3 må det gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal visast i planen som omsynssone.

Støy

Sør- og austlege delar av planområdet ligg innafor gul støysone, jfr støysonekart (berekna støy) frå Statens vegvesen 2013 tilgjengeleg på www.gislink.no.

Etter *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2012) frå Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet), er gule sone ei vurderingssone der ny busetnad kan førast opp dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støytilhøve. Det må i slike tilfelle gjennomførast ei støyfagleg utgreiing der støynivåa vert tallfesta.

Fylkesmannen føreset at forholdet til støy både for ny busetnad og uteopphaldsareal vert avklara i den vidare reguleringsprosessen.

Barn og unge

Barn og unge sine interesser skal ivaretakast, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova og Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen.

Mange barn og unge deltar ikkje i det organiserte fritidsaktivitetar. Tilrettelegging for uorganisert aktivitet og leik i nærområdet, samt opne møteplasser der barn og unge sjølv kan ta initiativ til leik og aktivitet, vil difor vere ein sentral del av planarbeidet. Desse areala skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare, vere lett tilgjengeleg og gjerne inngå som del av ein større, samanhengande grøstruktur.

Rundskriv T-2/08 Om barn i planlegging omhandlar dei rikspolitiske retningslinjene og gir utfyllande rettleiing til kommunen si planlegging.

Konklusjon

- ✓ Det må gjennomførast ein ROS-analyse
- ✓ Forholdet til støy må avklarast i planprosessen
- ✓ Born og unge sine interesser, og behov for uteareal, må sikrast

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)
samordnar

Astrid Buset
overingeniør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (RPB), §3, fastset reglar for etablering av kjøpesentre. Her kjem det fram at kjøpesenter skal etablerast i samsvar med godkjente fylkesdelplanar. Planområdet vert omfatta av “Fylkesdelplan for senterstruktur 2004-2008”.

4.2 Relevante regionale retningslinjer

“Fylkesdelplan for senterstruktur 2004-2008” gir retningslinjer for lokalisering av kjøpesenter og detaljhandel. Her kjem det fram at kjøpesenter og andre større nyetableringar og utvidingar innan detaljhandel/service skal lokaliserast innanfor sentrumsareal avgrensa i kommuneplanen.

4.3 Kommuneplan samfunnsdel for Herøy


I samfunnsdelen til kommuneplan for Herøy kommune vert satsingsområda til kommunen beskreve. Det vert lagt vekt på at ein ikkje kan sjå på sentrumsutvikling og samfunnsutvikling som to delte satsingsområde, og dei skriv mellom anna at:

“Kommunen ynskjer at detaljhandel primært skal etablerast i Fosnavåg, men på grunn av mangel på tilgjengelege areal og funksjonelle bygg ser ein det som ei stor utfordring når daglegvarekjedene vert stadig meir arealkrevjande og Fosnavåg ikkje kan tilby slike område”.

Vidare står det at ein må sjå på kva fysiske omgjevander som danner sentrum og ta avgjersler lokalt ut frå desse tilhøva.

4.3 Kommuneplan arealdel for Herøy


I arealdelen til kommuneplanen er området innanfor areal der tidlegare regulering skal gjelde, i dette tilfellet altså reguleringsplan for “Kvithaugsmyra” Eggesbønes frå 2000.




Utsnitt av kommuneplanen med raud markering av planområdet.

4.5 Gjeldande reguleringsplan

Reguleringsplan for "Kvithaugsmyra" Eggesbønes frå 2000 er gjeldande plan i området. I denne planen er arealet sett av til forretning/kontor og parkering. Det vart gjort ei endring av planen i 2012 ("Reguleringsendring 27/384 m.fl. (Herøysenteret)") . Sjå illustrasjon under.



"Reguleringsendring 27/384 m.fl. (Herøysenteret)" markert med svart. Planområdet i raudt.



Reguleringsplan for "Kvithaugsmyra" Eggesbønes frå 2000.

4.6 Tilgrensande planar

A: Myklebustvatnet vest

B: Detaljreguleringsendring for gnr. 37 bnr. 380 m.fl. -Myklebustvatnet vest

C: Eggesbønes alders- og sjukeheimsområde

D: Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38/2

E: Bebyggelsesplan Kvitshaugsmyra

F: Reguleringsendring 37/384 m.fl. (Herøysenteret)



Tilgrensande planar. Planområdet er markert med raudt.

4.7 Planar som er av relevans

Plan for FV654 og Eggesbøjorda (nabotomta) er av relevans for arbeidet med denne planen. Fortau langs Eggesbøvegen skal tilretteleggast i planen, som ei vidareføring av tankegangen i planen for Eggesbøjorda og planen for FV654. Planen for FV654 kjem til å legge til rette for opparbeiding av rundkjøring der Eggesbøvegen møter FV654.



Planområdet og FV654 er markert med raudt.



Nyleg vedtekne plan for Eggesbøjorda markert med svart omramming.

4.8 Areal situasjon i dag

I gjeldande reguleringsplan er 1000 m² av planområdet sett av til forretning/kontor og om lag 4200 m² til parkering- og vegformål.

I den eksisterande bygninga som står i planområdet er det i dag KIWI-butikk i 1. etasje, og bustadar i 2. og 3. etasje. Elles samsvarar eksisterande situasjon med både føremål og arealdisposisjon i “Reguleringsplan for Kvithaugsmyra”. Den delen av planen som ligg i Eggesbøvegen er i dag veg- og grøfteareal.

Planområdet grensar til Herøysenteret i nordaust. Herøysenteret tilhøyrer også “Reguleringsplan for Kvithaugsmyra”. Ein liten del av planen vart endra i 2012 for å leggje til rette for ei om lag 400 m² stor utviding av Coop-butikken i Herøysenteret. Herøysenteret har i dag ei grunnflate på 2034 m², og vil få ei grunnflate på 2400 m² dersom utvidinga vert gjennomført.

I aust ligg Eggesbø alders- og sjukeheim, samt 3 bustadar langs Eggesbøvegen. Bustaden nærmast krysset mot FV654 vert fjerna i forbindelse med bygging av rundkjøring på FV654.

I søraust ligg i dag ein bustad og ei fellesgarasje. Elles er der ei stor opa grasmark. Ny reguleringsplan (“Reguleringsplan for Eggesbøjord”) vart vedtatt i kommunestyret 26.03.15. Siktemålet med denne planen er å legge til rette for vidare bustadbygging på Eggesbønes og utvikling av forretnings-/kontor og offentlege tenester som del av sentrumsutviklinga. Det er i denne planen lagt opp til eit 19,1 daa stort område med blanda føremål forretning/kontor/offentlege bygg/leilegheiter, med ei grense for detaljhandel på til saman 3000 m².

Sørvest for planområdet ligg eit bustadfelt. Mellom planområdet og bustadfeltet er det eit ope område med ein del lav vegetasjon i form av gras, busker og små lauvtre.



Området sørvest for planområdet.



Flyfoto som viser Myklebust og Eggesbø. Planområdet er markert med raudt.



Planområdet, med parkeringsplass og eksisterende varelevering til KIWI sett frå sør.




Planområdet, med inngangsparti til KIWI og tilkomst for bilar sett frå nord.

5. Omtale av planframlegg

5.1 Nøkkeldata

Areala er delt i følgjande område:

Bustad/forretning (BOF): 0,773 daa
Forretning/kontor (FK): 0,454 daa
Parkeringsplassar (P): 2,926 daa
Fortau (o_F1): 0,205 daa
Kjørveg (o_KV og f_KV): 0,350 daa
Komb. infrastruktur (KST): 0,477 daa



5.2 Planprinsipp

Bebyggelse og anlegg.

Bustad/forretning.

Reguleringsframlegget inneheld ei tilpassing til eksisterande situasjon, som er bustad og forretning i dette området. Maksimum tillaten BYA er sett til 100% for BOF-området.

Maksimum tillaten byggehøgde er sett til 13 meter.

Forretning/kontor.

Det er i reguleringsframlegget lagt til rette for at KIWI skal kunne utvide bygningsmassen med om lag 200 m² mot søraust. Tilbygget til KIWI vil i hovudsak bli brukt til lager, medan heile den eksisterande butikkflata vert salsareal. Det er lagt opp til kontor i 2. og 3. etasje. Maksimum tillaten BYA er sett til 100% for FK-området.

Maksimum tillaten byggehøgde er sett til 13 meter.

5.2 Planprinsipp

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Parkeringsplassar.

Det er lagt til grunn at ein skal tilfredsstille Herøy kommune si parkeringsvedtekt når det gjeld tal på parkeringsplassar i området.

Det er sett av 44 P-plassar til BOF området, og 27 P-plassar til FK området. Omlag 9 % av desse plassane ligg på fellesareal utanfor planområdet.

Innanfor sjølve planområdet er det sett av 3 plassar til rørslehemma. Tek ein med arealet søraust for planområdet, er det totalt sett av 8 plassar for rørslehemma, jf. illustrasjon på neste side. Parkeringsplassane har kort veg til inngangane på bygget.

Kjørveg.

Eksisterande Eggesbøvegen inngår i planen, og er regulert til kommunal veg. I tillegg er der ei avkjørsle i planen som er regulert til kjørveg.

Fortau.

Langs Eggesbøvegen er det lagt til rette for eit forau som koblar seg på fortauet i den nyleg vedtekne planen for Eggesbøjorda.

Kombinert infrastruktur.


Området som er sett av til kombinert infrastruktur i planen er tenkt nytta til varelevering.

Annan veggrunn.

Området som er sett av for å ta opp høgdeskilnaden mellom fortau og parkering. Dette området er ein meter breitt og det er tenkt satt opp ein mur her.



Illustrasjon som viser eksisterande situasjon i planområdet, og omkrinliggende område.



Illustrasjon som viser planlagt situasjon i planområdet, og omkringliggende område.

Parkering for rørslehemma markert med mørkegrå, nytt opparbeida område med parkering utanfor planen i raudt. Tilbygget til KIWI i oransje.

5.3 ROS-vurdering

I vurderinga av risiko og sårbarheit er sjekklista utarbeidd av Møre og Romsdal fylke nytta.

Naturgitte forhold og byggegrunn.

Det er ikkje kjent naturgitte forhold som inneber nokon særleg risiko.

Omgivnader.

Det er ikkje kjent forhold i omgivnadene som inneber nokon særleg risiko.

Verksemdsrisiko.

Planen omfattar ikkje verksemdar med farlege anlegg, og det ligg heller ingen i nærleiken.

Brann-/ulykkesberedskap.

Det er ikkje kjent særlege forhold i området knytt til brann- og ulykkesberedskap.

Infrastruktur.

Det er ikkje kjent særskilt risiko knytt til bruk av transportnett i området. Det er ikkje transport av farleg gods i området.

Kraftforsyning.

Det er ikkje kjent særskilt risiko knytt til kraftforsyninga i området. Tiltaket vil ikkje edre forsyningstryggleiken i området.

Vassforsyning.

Det er ikkje kjent særskilt risiko knytt til vassforsyning i området. Tiltaket vil ikkje endre forsyningstryggleiken i området.

Sårbare objekt

Planområdet omfattar ikkje drikkevann, særskilte brannobjekt, omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar eller andre sårbare objekt.

Forureina grunn.

Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor planområdet.

Ulovleg verksemd.

Tiltaket er i seg sjølv ikkje eit sabotasje- eller terrormål. Det er ikkje kjent potensielle sabotasje- eller terrormål i nærleiken.

5.4 Tilkomst, vegsystem, mjuke trafikantar

Tilkomst til overordna vegsystem vil vere som noverande situasjon, frå fylkesvegen (Myklebustvegen) via Eggesbøvegen. I tillegg tek planen omsyn til planlagt vegarm i reguleringsplan for Eggesbøjorda mot planområdet, som også blir ein tilkomst for mellom anna varelevering. Planområdet får altså to tilkomstar.

Eksisterande køyremønster i planområdet vert supplert med tilkomsten i sør frå tilgrensande reguleringsplan for Eggesbøjorda.

Planforslaget legg opp til eit fortau langs Eggesbøvegen, som er ei vidareføring av prinsippa i tilgrensande planar. Det er tatt med i føresegnene eit rek-kjefølgekrav om at fortau skal opparbeidast i samband med utbygging av KIWI, i tillegg til at tilkomst i sør må etablerast før varelevering kan skje derfrå.

5.5 Parkering og varelevering

Planforslaget erstattar parkeringsplassar som vert fjerna i forbindelse med utviding av KIWI. I tillegg legg det opp til nye parkeringsplassar som er i tråd med utvidinga av KIWI-butikken, jf. parkeringsvedtektene til Herøy kommune. Varelevering kjem til å skje i søraustenden av KIWI-butikken. Det er lagt opp til at varelevering skal skje frå tilkomsten i sør.

5.6 Tilkomst for rørslehemma

Innanfor sjølve planområdet er det sett av 3,5 P-plassar til rørslehemma. Tek ein med arealet søraust for planområdet, er det totalt sett av 8 plassar for rørslehemma, jf. illustrasjon på side 10. Parkeringsplassane har kort veg til inngangane på bygget. Området er flatt og det er trinnfrie tilkomstar til butikken.

5.7 Arealutnytting

Utnyttingsgraden er definert som BYA, og i denne planen er graden BYA i reguleringsformålet forretning/bustad og forretning/kontor sett til 100%.

5.8 Byggegrense/høgde

Byggegrensa i BOF og FK-området ligg i formålsgrensa. Maksimal byggehøgde er sett til 13 meter.

5.9 Arkitektur

Nye konstruksjonar bør ta omsyn til eksisterande volum og arkitektoniske uttrykk.

5.11 Konsekvensar for kommunen

Kommunen eig den delen av planen som omfattar Eggesbøvegen, og kjem til å ta over det området som er sett av til fortau i planen.

5.12 Eksisterande leidningsnett i området

Det er fleire kablar, både høg- og lavspent, over reguleringsområdet. Kablane kjem ikkje i konflikt med den planlagde utbygginga og treng difor ikkje flyttast.

5.13 KU-vurdering

Etter vurdering gjort av kommunen på oppstartmøte vil ikkje planen utløyse konsekvensutgreiing i høve til PBL § 4-2. Planen er utarbeidd etter Miljøvern-departementet sin rettleiar T-490.

Utvidinga av arealet til detaljhandel er slik vi vurderar det i samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel. Eggesbønes er eit supplement til Fosnavåg sentrum der det er arealknappheit.

6. Konsekvensar av planforslaget

6.1 Overordna planar

Planen er ei modernisering av ein 15 år gamal reguleringsplan. Endringa legg til rette for å drive konkurransedyktig daglegvarehandel i så nær tilknytning til Fosnavåg sentrum som mogleg. Sidan Fosnavåg sentrum har begrensa med areal, er Eggesbønes naturleg å ta i bruk til plasskrevjande handel. KIWI er ein allereie etablert butikk på Eggesbønes og har behov for å utvide for å halde seg konkurransedyktig.

Ei utviding av KIWI på Eggesbønes er i tråd med Herøy kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen der dei skriv at på grunn av mangel på tilgjengelege areal og funksjonelle bygg ser kommunen på det som ei utfordring å gje plass til daglegvarekjeder i Fosnavåg sentrum.

Møre og Romsdal fylkeskommune skriv i sin merknad til oppstart av planen at detaljreguleringa for 37/222 kjem til å utløyse krav om konsekvensutgreiing, medan Fylkesmannen har varsla motsegn til planen. Dei meiner planen kjem til å vere i strid med den nasjonale arealpolitikken nedfelt i "Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter". Begge desse instansane har trekt sine motsegner til den nyleg vedtekne planen for Eggesbøjorda som aleine har 3000 m2 detaljhandel. Sett i lys av dette, meiner vi den planlagde utvidinga må kunne godkjennast. Den inneber ikkje ei auke i talet på forretningar, berre ei tilpasning til konkurransesituasjonen for ein etablert butikk. Vidare meiner vi at med bakgrunn i godkjenninga av detaljplanen for Eggesbøjorda, vil det bli sett på som forskjellsbehandling dersom det kjem motsegner til planen for 37/222.

6.2 Gjeldande planar

I gjeldande reguleringsplan er området sett av til forretning/kontor og parkering. Det nye forslaget inneber ei utviding av byggearealet med 200 m2, og tilsvarande reduksjon av parkeringsareal. Det er i dag ikkje kontor over forretningslokala, men bustadar. Når det gjeld reguleringsformål tilpassarplanen seg altså den faktiske situasjonen i området. Dei etablerte bustadane blir regulert til bustadformål.

6.3 Tilgrensande planar

Det er sett av areal til fortau i planen, som er ei vidareføring av tankegangen i planen for Eggesbøjorda og planen for FV654. Elles har ikkje planforslaget særskilte verknadar på andre planar, i.o.m at det er ei tilpassing til den faktiske situasjonen i området.

6.4 Parkering

Planen følgjer parkeringsvedtektene til Herøy kommune når det gjeld tal på parkeringsplassar til BOF- og FK-områda. Sjå illustrasjon på side 10, som viser korleis det vert ei betre utnytting etter opparbeiding av nytt P-areal. Dette er i tråd med utvidinga av KIWI-butikken i høve til å dekke p-behovet.

6.5 Trafikksystem og køyremønster

Planen får to avkøyrslar i motsetning til ein i dag. Den nyleg vedtekne planen for Eggesbøjorda legg opp til ei avkøyrslar mot denne planen. Dette gir ein enklare og ryddigare trafikksituasjon.

6.6 Detaljhandel

Planen er ei modernisering av ein eldre plan, for å gjere det mogleg å drive detaljhandel ihht. KIWI sine konseptkrav. Dei nye konseptkrava inneber mellom anna auka salsareal, på grunn av auka sortiment. Auka sortiment er nødvendig for å tilfredsstille forbrukarane sine krav og vere konkurransedyktig.

6.7 Varelevering

Det er lagt opp til at varelevering skal skje frå sør, frå den regulerte vegarma i nyleg vedtekne plan for Eggesbøjorda. Det er tatt med i føresegnene til planen for Eggesbøjorda at denne vegarma (f_V3) skal opparbeidast før det vert gitt mellombels bruksløyve for nye tiltak i F/K/T1, F/K/T2 og F/K/T3.

6.8 Mjuke trafikantar

Det er sett av eit område til fortau langs Eggesbøvegen, noko som kjem til å betre situasjonen for mjuke trafikantar.

6.9 Tilgjenge for rørslehemma

Det er i området lagt til rette for 8 HC plassar, jf. illustrasjon. 5 av desse er allereie etablert. Ein av dei uetablerte er med i reguleringsendringa for Herøysenteret, medan den andre vert lagt til rette for ved inngangen til KIWI i denne planen (jf. illustrasjon). Dette er i samsvar med intensjonen om at 5 % av totalt tal på parkeringsplassar bør vere tilpassa handikappa. Parkeringsplassen ligg på nivå med første etg i forretningsbygget. Tilgjenge for rørslehemma vil derfor vere greit å få til i samsvar med krava i TEK og tilhøyrande Norsk Standard.

6.10 Barn og unge

Barn og unges interesser innanfor planområdet er primært vurdert å gjelde gangsamband. Det er lagt inn eit fortau langs Eggesbøvegen i planforslaget, noko som kjem til å betre situasjonen for barn og unge. Kravet til opparbeiding av leikeplass er knytt til etablering a nye bustader. Denne planen legg ikkje til rette for nye bustader.

6.11 Natur og miljø

Naturmangfaldlova krev at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved utøving av offentleg myndigheit, herunder planarbeid. Dette omfattar mellom anna krav til kunnskapsgrunnlag, føre- var prinsippet, dekning av kostnader og driftsmetodar/teknikkar.

- Vedtak som gjeld naturmangfaldet skal basere seg på vitskapeleg kunnskapsgrunnlag. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til sakskarakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Jfr §8.
- Føre-var-prinsippet, jfr § 9. Ved manglande kunnskap om verknader på naturmiljøet skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet.
- Påverknad på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet kan bli utsett for. Jfr §10.
- Kostnadane ved forringing av miljøet skal berast av tiltakshavar, jfr. § 11.
- Det skal nyttast miljøforsvarlege driftsmetodar og teknikkar, jfr. § 12.

Det er i denne saka ikkje kjend verneinteresser innanfor naturmangfaldet. Det er derfor vurdert at den planlagde utbygginga ikkje vil føre til belastning eller skade på naturmiljøet. Kunnskapsgrunnlaget (jfr. §8) er henta frå direktoratet for naturforvaltning sin naturbase.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/1485	20.05.2015	35591/2015/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	02.07.2015

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan gbnr 37/222 m. fl. Eggesbø - offentlig ettersyn - vilkår for eigengodkjenning

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Utviding av detaljhandelsarealet i området er i utgangspunktet i strid med Rikspolitisk bestemming (RPB) om kjøpesenter, jamfør fylkesdelplan om kjøpesenter (ny regional delplan er vedteken etter at denne saken vart lagt til offentlig ettersyn). Jamfør § 4 i RPB skal Fylkesmannen gi samtykke til fråvik. Dette er etter vår vurdering ein slik sak. Fråsegna nedanfor vil kunne tene som vårt høyringssvar til ein fråvikssøknad.

Vi viser elles til vår fråsegn ved oppstart, brev 18.11.14.

Planomtalen gjer godt greie for den uoversiktlege plansituasjonen i området samla. Med utgangspunkt i kva som allereie er opna for av detaljhandel i tilgrensande planar (Eggesbøjorda, Herøysenteret), ser vi ikkje ei viss utviding av eksisterande KIWI-butikk som svært utfordrande. Tvert om vil vi akseptere at eksisterande butikk vert gitt same konkurransevilkår som andre eksisterande i nærleiken. Planomtalen har det same utgangspunktet i omtalen av verknader.

Plankart og føresegner er likevel ikkje heilt i samsvar med intensjonen som er tilkjenne-gitt i planomtalen. Det er to kombinerte byggjeføremål i plankartet og begge opnar for forretning. Utnyttingsgrad er 100 % BYA i begge, og byggjehøgda opnar for tre fulle plan. Det er ingenting i føresegnene som stengjer for at heile bygningsmassen kan nyttast til eitt av dei kombinerte føremåla (les forretning). Forretning er heller ikkje avgrensa som plasskrevjande varer, slik tiltakshavar sin kommentar til merknader ved oppstart kan gi inntrykk av. Bygningane sitt fotavtrykk er samla 1300 m². Gitt tre plan, er det med andre ord opna for inntil 3900 m² detaljhandel.

Den lettaste måten å kome seg ut av dette på, vil vere å stille krav om at berre første etasje skal vere detaljhandel (altså bustader/kontor i 2. og 3. etasje). Eit anna alternativ kan vere å krevje at handel utover arealet i eitt plan (1300 m²) skal vere med plass-krevjande varer. Dersom ein slik endring vert gjort kan planen for vår del eigengod-kjennast. I motsett fall vil vi ha motsegn. Vi gjer merksam på at planomtalen ved ei slik endring ikkje trengs å endrast, for det er ein slik situasjon som er skildra der !

Konklusjon

Under føresetnad av at opninga for detaljhandel avgrensast til arealet av eitt plan innanfor byggjeføremåla, fortrinnsvis gateplanet, kan planen for vår del eigengodkjennast. I motsett fall vil vi ha motsegn.

Vi føreset også at det vert søkt til Fylkesmannen for fråvik av RPB om kjøpesenter.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her
Advokat Bjørn C. Hove



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/1485	Saksbeh. BSS
- 6 JULI 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune Detaljregulering - reguleringsplan gnr37 bnr222 m.fl på Eggesbø (KIWI) Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Ut frå at tiltaket utgjer kun ei begrensa utviding av arealet til den eksisterande butikken, vil vi ikkje fremje motsegn mot reguleringsplanen.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2012/52
		Arkiv:	Q12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
169/15	Formannskapet	08.09.2015
	Kommunestyret	24.09.2015

KLAGE PÅ VEDTAK - REGULERINGSPLAN FV 654 INDRE HERØY KYRKJE - STOKKSUNDBRUA

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen frå Kåre Leif Jensholm av 25.06.2015, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan fv 654 indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua vart vedteke i møte 28.05.2015.

Klagen vert difor ikkje teke til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 62/15. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

Kåre Leif Jensholm, Prestegardsvegen 1, 6070 Tjørvåg
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

- 01 – Klage på vedtak frå Kåre Leif Jensholm, datert 25.06.2015
- 02 - Godkjent reguleringsplan av 28.05.2015
- 03 - K-sak 62/15 – Vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan
- 04 - Oversiktskart som viser lokalisering av planområdet M 1:10 000

Saksopplysningar:

Statens Vegvesen har utarbeidd reguleringsplan for FV 654 Indre Herøy Kyrkje – Stokksundbrua. Arbeidet har vore utført i regi av Statens Vegvesen i nært samarbeid med Herøy kommune. Formålet med planen har vore å legge til rette for ei betre og meir direkte veglinje for fylkesvegen frå Stokksund skule og i retning Stokksundbrua (mot Fosnavåg). I tillegg til dette har det vore eit like viktig formål å betre forholda for gåande/syklande på den sam strekninga samt på deler av ny FV 10 i retning Sandvika. Planen heng saman med Herøy kommune sin plan for ny gang- og sykkelveg frå Stokksundkrysset til Sandvika. For øvrige opplysningar om reguleringsplan viser ein til skildringane i K-sak 62/15.

Kommunestyret i Herøy godkjende i møte av 28.05.2015 reguleringsplan for fv 654 indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua. Det blei i k-sak 62/15 gjort følgjande vedtak:

«Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av PBL § 12-12, detaljreguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegner for FV 654 Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua, begge sist endra 27.03.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering».

Vedtak om godkjenning av reguleringsplan har vore kunngjort med 3 vekers klagefrist. Det har kome inn 1 klage på godkjenning av reguleringsplan frå Kåre Leif Jensholm den 25.06.2015

Klagene er framsett skriftleg, grunngjevne og innanfor lovfesta klagefrist på 3 veker. Partane er vurdert til å ha rettsleg klageinteresse i saka og vilkåra for å behandle dette som ei klagesak blir vurdert som oppfylt.

Ei klage på vedtak skal på vanleg måte handsamast av formannskap og kommunestyre i første instans, før oversending av saka til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Før ein går inn på sjølvne klagene og handsaming av desse, finn rådmannen det naudsynt med ei oppsummering av planprosessen til no.

PLANPROSESS MED REGULERINGSPLAN

Statens Vegvesen annonserte med brev av 29.08.2011 oppstart av arbeid med detaljregulering for FV 654 Indre Herøy Kyrkje - Stokksundbrua. Forutan strekninga som nemnt i teksten ovanfor, omfatta planområdet også ei mindre strekning av FV 10 i retning Sandvika. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 10.10.2011. Det vart i samband med dette også halde eit informasjonsmøte om planarbeidet på Herøy rådhus den 28.09.2011.

Planarbeidet har vore utført i regi av Statens Vegvesen og i nært samarbeid med Herøy kommune. Eit planforslag med tilhøyrande føresegnar og planomtale vart lagt

fram for formannskapet i møte den 03.12.2014 (F-sak 228/14), der det vart gjort vedtak om å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn. I perioden 08.12.2014 – 26.01.2015 låg planen ute til høyring. Som del av høyringsprosessen vart det også halde eit ope møte på Herøy rådhus den 15.01.2015, der representantar for Statens Vegvesen og Herøy kommune deltok. I ettertid har det så vore gjennomført ein del justeringar i plankart, føresegner og planomtale med sikte på å førebu planen for sluttbehandling. Justert plan vart oversendt frå Statens Vegvesen med brev av 07.04.2015.

Kommunestyret i Herøy godkjende i møte av 28.05.2015 reguleringsplan for fv 654 indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua, der innspel til offentleg ettersyn blei handsama og vurdert i k-sak 62/15.

Kåre Leif Jensholm har kome med innspel til planarbeidet den 17.10.2011, som blei handsama av Statens Vegvesen Region Midt i samband med utforming av plan. Vidare har Jensholm kome med innspel den 23.01.2015 til planforslaget ved offentleg ettersyn. Dette innspelet er også vurdert av Statens Vegvesen Region Midt som fagmyndigheit.

Vurdering og konklusjon:


Rådmannen vil i den påfølgjande delen av saka skildre og kommentere klagen punktvis.

Klage frå Kåre Leif Jensholm, datert 25.06.2015:

Viser til sitt tidlegare brev i prosessen. Jensholm godtek ikkje at noverande fylkesveg ved hans bustad vert fjerna. Han hevdar å vere einaste private grunneigar som blir råka av dette. Han viser til at han støttar planen og sel friviljug grunn dersom klagen blir tatt til følgje. Klagar hevdar han får 2 kilometer meir å køyre kvar gong og at det difor må kunne diskuterast og finnast ei løysing. Klagar meiner at gamle fylkesvegen må knytast i hop med noverande fylkesveg og rundkøyring til krysset ved Kirkholm. Likeeins anna løysing for klagar sin tilkomst til gangvegen. Klagar stiller spørsmål ved løysing med trapp og viser til utfordringar med sykkel og barnevogn. Han ber om at det her blir ei betre løysing. Klagar ynskjer at det blir gjennomført ei synfaring i lag med han.

Vurdering av klage:

Rådmannen viser til Statens Vegvesen sine faglege vurderingar av innspelet frå Jensholm i K-sak 62/15. Ein finn grunnlag for å presisere nærare desse vurderingane.



Klagar sin eigedom (Utsnitt av godkjent plankart)

Kåre Leif Jensholm sin tilkomst til fylkesveg 654 har tidlegare vore vurdert ved utforming av reguleringsplanen av Statens Vegvesen som fagmyndigheit for planlegging av fylkesvegar. Det er frå Statens Vegvesen, som sektormyndigheit for veg og trafikkplanlegging, tidlegare vurdert at ein ikkje ynskjer køyreveg på begge sider av bustadområdet BFS2. Det er riktig at grunneigar vil få lenger køyreveg fram til fylkessevegen, men dette er noko som vil gjelde for fleire andre grunneigarar i området. Dette vil vere ein konsekvens av den løysinga som ligg føre i plan. Ved at ein får samla tilkomsten til bustadhusa gjennom o_SKV6 oppnår ein ein differensiert og trafikksikker situasjon gjennom at biltrafikk skjer via ein offentlig køyreveg o_SKV6 og mjuke trafikantar får ein bilfri og trafikksikker ferdsel via gang- og sykkelveg o_SGS2. I planprosessen har det også vore eit overordna ynskje frå kommunen at gang- og sykkelvegen blei lagt rundt det nye planlagde bustadfeltet BFS2, slik at ein sikrar ny busetjing ei trafikksikker løysing. Overfor dei mjuke trafikantane ser ein det også som svært uheldig dersom ein skulle opne opp o_SGS2 for biltrafikk for ein eigedom. Det vil vere bort i mot umogleg for vegmynde å regulere og kontrollere at det berre er denne eigedomen som skal ha tilkomst via denne vegen, og ei slik opning vil også gi moglegheiter for andre eigedomar til å nytte seg av ein slik tilkomst. Sistnemnde vil vere negativt og innebære ei samla sett dårlegare løysing for trafikkbilete enn det som ligg i godkjent reguleringsplanen. Ein finn soleis ikkje grunnlag for å endre på godkjent plan.

Statens Vegvesen har tidlegare også vurdert at Jensholm ikkje kan nytte undergangen som bilveg til/frå fylkesvegen av omsyn til at dette vil svekke den generelle trafikktryggleiken. Her viser ein til vurderingane som er gjort over knytt til o_SGS2. Av omsyn til trafikktryggleiken ser ein det som negativt og innebære ei samla sett dårlegare løysing for trafikkbilete enn det som ligg i godkjent reguleringsplanen. Ein finn soleis ikkje grunnlag for å endre på godkjent plan.

Klagar viser også til at det er innarbeidd ei trappeløysing som forbindelse mellom offentlig køyreveg o_SKV6 og gang- og sykkelveg o_SGS2. Ein viser her til Statens Vegvesen sine vurderingar knytt til punkt om universell utforming:

«Gang- og sykkelveg, fortau, undergang samt busslommer blir planlagde etter prinsippa om universell utforming. Planforslaget er i tråd med Statens vegvesen si handbok 278, universell utforming av vegar og gater. Gang- og sykkelvegen innfrir krava til universell utforming med tanke på stigningsforhold».

Ein er samd med klagar i at ei trappeløysing ikkje er optimal med tanke på tilkomst for barnevogn og sykkel. For desse finst det alternative ferdsselsvegar i området som leiast til gangvegen og som ivaretek prinsippa om universell utforming.

Trappeløysinga vil likevel gi ein alternativ tilkomst mellom enden av o_SKV6 og o_SGS2. Etablering av gangveg framfor trappeløysing her vurderer ein som lite ynskjeleg då høgdeskilnad mellom vegnivåa ville gitt eit uoverkomeleg system av ramper, som for dei fleste vil medføre ein omveg. Sett i ei heilskapleg vurdering er trapp vurdert som den mest tenelege løysinga.

Når det gjeld dei momenta som klagen omhandlar forhandlingar knytt til gratis steinmasser og gratis grunn til vegformål mot å ta klagen til følgje, viser rådmannen til at det ikkje kan forhandlast om slike forhold i reguleringsplanar. Dette er forhold som høyrer naturleg heime i grunnnerverv og utforming av byggjeprogram for gjennomføring av godkjent reguleringsplan.

Avsluttande vurdering

Når det gjeld klagen frå Jensholm, viser rådmannen til at ein har vurdert interessene for grunneigar opp mot dei overordna trafikkmessige omsyna knytt til omlegging av fylkesvegen i området. For å nå målet med reguleringsplanarbeidet, vil løysingane i godkjent plan påverke etablerte løysingar som t.d tilkomst. Avkøyrslar til fylkesvegen frå kringliggjande bustadområder vert redusert. Løysingane i reguleringsplan er basert på ei heilskapleg vurdering av trafikksituasjonen i området og overordna interesser knytt til betring av trafikktryggleiken med differensierte løysingar for gåande og syklende.

Ein finn grunnlag for å presisere at reguleringsplanen omhandlar kva areala skal nyttast til i ein framtidig situasjon og inneberer soleis eit rettsleg bindande dokument for den fysiske bruken av areala ved godkjent plan. Ein er redd klagar har misforstått prosessen med reguleringsplanar ettersom det går fram av klagen eit ynskje om å forhandle med gratis steinmasser og grunn til vegformål dersom klagen blir teke til følgje. Det kan ikkje forhandlast om slike forhold i ein reguleringsplan. Forhandlingar om slike forhold høyrer naturleg nok til grunnnerverv og utarbeiding av byggjeprogram for gjennomføring av plan.

Innspel frå Kåre Leif Jensholm som omhandlar avkøyrslar og tilkomst til/frå sin eigedom mot FV654 har vore tema tidlegare i planprosessen. Dette er moment som kommunestyret tidlegare har vurdert i samband med godkjenning av reguleringsplanen. Statens Vegvesen Region som fagmyndigheit har tidlegare uttalt seg til dei innspela som Jensholm har kome med i samband med høyring av planforslaget. Dette sett i forhold til den innkomne klagen, finn ein ikkje grunnlag for å endre den godkjende reguleringsplanen.

Rådmannen vil avslutningsvis vise til at det er kommunestyret som er det øvste planmynde i kommunen, jfr. PBL. § 3-2. Med heimel i plan- og bygningslova § 12-1, avgjer kommunestyret ut frå ei skjønsmessig vurdering kva for områder som skal regulerast og korleis areala skal nyttast i plansamanheng. Denne vurderinga blir gjennomført som ein planprosess med høyring av dei som har interesser i planområdet og av aktuelle fagorgan. I vurderinga vil det ofte vere motstridande interesser som gjer seg gjeldande.

Under føresetnad at omsyna er saklege ut frå reguleringsmessige kriterier og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det opp til kommunestyret å avgjere korleis omsyna / interessene skal vegast i saka. Innafor dei rettslege rammene for lovleg arealbruk, som er sett i PBL §§ 12-5 og 12-6 og moglegheita til å gi nærmare føresegn om utforming og bruk av areal og bygningar etter PBL § 12-7, er det kommunen si skjønnsmessige vurdering kva som er hensiktsmessig arealbruk innanfor eit avgrensa område. Denne skjønnsmessige vurderinga ligg under kommunen, som planmynde, sitt frie skjønn å fastsetje.

Slik rådmannen vurderer det går den skjønnsmessige vurderinga av saka klart og tydeleg fram av kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan i k-sak 62/15. Til dette høyrer det også vurdering av reguleringsplanen sitt planfagleg innhald, løysingar og vurdering av innspel som følgje av planprosessen. Ein vurderer det slik at vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan er grunngjeve, innspel er handsama og korrespondanse med offentleg partar er dokumentert. I tillegg til dette har reguleringsplanprosessen, gjennom offentlege høyringar, gitt dei som har interesse i området moglegheit til å kunne medverke i planleggingsarbeidet. I løpet av tidsavgrensa høyringsperiodar har private og offentlege partar fått moglegheit til å gjere sine interesser og synspunkt gjeldande gjennom skriftlege innspel. Alle innspel som har kome til kommunen innanfor tidsfristane har blitt behandla og vurdert i samband med godkjenning av reguleringsplanen.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 20.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

⑥

KÅRE JENSHOLM

PRESTEGARDSVEGEN 1

6070 TJØRVÅG

HERØY KOMMUNE, utviklingsavdelinga

POSTBOKS 274

6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Saks nr. 2012/52	Saksbeh. HR
26 JUNI 2015	
Ark.kode P	Q12
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Klage på vedtak, reguleringsplan Indre Herøy Kyrkje-Stokksundbrua.

Henviser til besøk hos Halvard Rusten og telefon Siv Sundgot i dag.

Eg klager hermed på vedtaket og henviser til mitt tidligere brev i prosessen. Eg godtek ikkje at noverande fylkesveg ved min bolig blir fjerna. Eg er einaste private grunneigar som blir berørt av dette , eg støttar planen og selger frivillig grunn hvis min klage blir tatt til følge. Eg får 2 kilometer meir å køyre kvar gong. Og derfor må dette kunne diskuterast og finnast ei løysing på. Gamle fylkesvegen, i dag ingenmannsland, må knytast i hop med noverande fylkesveg, rundkøyring til krysset ved Kirkholm. Likeeins anna løysing for meg å kome innpå gangvegen , på planen er det ei lang **trapp**, kva er det for noko ? Kva med sykkel og barnevogn ? Nei, her må det finnast bedre løysingar.

Eg forlanger at sakshandsamarane tek kontakt og foretek ei synfaring i lag med meg.

6070 Tjørvåg 25. Juni 2015



Kåre Jensholm



Statens vegvesen



HERØY
kommune

REGULERINGSPLAN

Fv 654 Hp 02/03

Indre Herøy kirke - Stokksundbrua

Herøy kommune

Saksbehandling etter plan- og bygningslova

Melding om oppstart av planarbeid.....29. august 2011
Offentlig ettersyn.....8. desember 2014 - 26. januar 2015
Revidert etter innkomne merknader.....27. mars 2015



Innhold

Planomtale

Føresegner

Oversiktskart B001

Reguleringsplan Blad 1/1

Plan og profil Fv 654 C001-C002

Plan og profil Fv 10, G/S-veg D001-D002

Normalprofil Fv 654 F001

Normalprofil Fv 10, G/S-veg F002

Konstruksjon undergang K100

Støy X001-X006

PLANOMTALE

Fv 654 Indre Herøy - Stokksundbrua

Herøy kommune

Innhold

1 Innleiing	2	6 Risiko, sårbarheit og sikkerheit ROS-analyse	12
2 Bakgrunn for planforslaget	2	7 Gjennomføring av plan	13
2.1 Planområdet	2	7.1 Framdrift og finansiering	13
2.2. Kvifor blir det utarbeidd forslag til reguleringsplan for fv. 654 Stokksund	3	7.2 Utbyggingsrekkefølge	13
2.3 Målsettingar for planforslaget og for ferdig vegprosjekt	3	7.3 Endring av gjeldande planar	13
2.4 Tiltaket sitt forhold til KU-forskrifta	3	7.4 Teknisk infrastruktur	13
2.5 Planstatus og rammevilkår	3	7.5 Oppfølgande undersøkingar	13
3 Skildring av planområdet, eksisterande forhold	4	7.6 Grunnerverv	13
3.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk	4	8 Samandrag av innspel	13
3.3 Trafikkforhold	4	8.1 Innspel ved varsel om oppstart	13
3.4 Landskapsbilde	4	8.2 Innspel ved offentlig ettersyn	14
3.5 Nærmiljø/friluftsliv	5		
3.6 Naturmangfald	5		
3.7 Kulturmiljø	5		
3.8 Naturressursar	5		
3.9 Grunnforhold	6		
4 Skildring av planforslaget	6		
4.1 Traséval og teknisk skildring	6		
4.5 Andre vurderte alternativ	8		
5 Verknader av planforslaget	9		
5.1 Framkomst	9		
5.2 Trafikksikkerheit	9		
5.3 Samfunnsmessige forhold	9		
5.4 Naboskap	9		
5.5 Byggegrenser	9		
5.6 Kollektivtrafikk	9		
5.7 Landskapsbilde	10		
5.8 Nærmiljø/friluftsliv	10		
5.9 Naturmangfald (nml §§ 8-12)	10		
5.10 Kulturmiljø	10		
5.11 Naturressursar	10		
5.12 Støy	10		
5.13 Massehandtering	11		
5.14 Barn sine interesser	11		
5.15 Universell utforming	11		

1 Innleiing

Statens vegvesen Region midt har i samarbeid med Herøy kommune utarbeidd forslag til reguleringsplan for strekninga frå Stokksund skule til Stokksundbrua.

Reguleringsplanen skal vise tiltaket og bruk av dei areala som blir råka. Reguleringsplan er også i mange tilfelle nødvendig rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, blant anna ved eventuell ekspropriasjon av grunn.

Prosjektgruppa i Statens vegvesen har forutan ein prosjektleiar bestått av personar med følgjande fagansvar: Vegplanlegging, geoteknikk, ingeniørgeologi, trafikk, støy, utbygging, drift, konstruksjon og grunnnerv. Frå Herøy kommune har utviklingsavdelinga, primært ved planleggar Hallvard Rusten, bidratt frå administrasjonen.

Oppstart av planarbeidet blei annonsert i avisene Vestlandsnytt og Sunnmørsposten. Grunneigarar, organisasjonar og offentlege myndigheiter blei varsla i brev av 29.08.11. Informasjonsmøte i samband med oppstart av prosjektet blei halde på Herøy rådhus 28.09.11. Frist til å kome med innspel til oppstartsvarselet var 10. oktober 2011. Det kom inn 14 merknader, desse er oppsummerte i kapittel 8.

Reguleringsplanen er utarbeidd som ei detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3. Den formelle planhandsaminga skjer i samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova. Statens vegvesen legg på vegne av Herøy kommune ut planforslaget til offentlig ettersyn. Avgjerda om dette er tatt i samråd med Herøy kommune. Planforslaget låg ute til offentlig ettersyn i perioden 08.12.14-26.01.15 og det vart i samband med dette halde ope møte 15.01.15. Planforslaget låg ute på følgjande stader:

- Herøy kommune, rådhuset
- Statens vegvesen Region midt, kontorstad Olsvika i Ålesund
- Internett: www.heroy.kommune.no eller www.vegvesen.no

Informasjon om planen er sendt til grunneigarar, organisasjonar og andre råka til uttale. Samtidig har planen vore til handsaming i offentlege instansar som har sine fagområde å ta vare på i området. Offentleg ettersyn vart også annonsert i Sunnmørsposten og Vestlandsnytt

Statens vegvesen har tatt imot og sakshandsama alle merknader til planforslaget i samarbeid med Herøy kommune. Planen får deretter ei formell handsaming og endeleg reguleringsvedtak i kommunestyret i Herøy.

Kommunen sitt vedtak kan klagast på.

Spørsmål kan rettast til:

Herøy kommune: Hallvard Rusten, tlf. 700 81 371, eller e-post hallvard.rusten@heroy.kommune.no

Statens vegvesen: Pernille Ibsen Lervåg, tlf. 02030, eller e-post: pernille.lervag@vegvesen.no

2 Bakgrunn for planforslaget

2.1 Planområdet

Planområdet startar ved Stokksund skule. Frå skulen er det bygd gangveg langs fv. 654 sørover mot Tjørnvåg, men gjennom dei uoversiktlege svingane i motsett retning manglar gangveg fram til krysset med fylkesveg 10 og vidare langs fv 654 i retning Fosnavåg.



Figur 1: Planområdet: Stokksund i Herøy kommune på Sunnmøre.



Figur 2: Planområdet strekk seg frå Indre Herøy skule til Stokksundbrua.



Figur 3: Flyfoto av planområdet.

2.2. Kvifor blir det utarbeidd forslag til reguleringsplan for fv. 654 Stokksund

Den klart største delen av biltrafikken følgjer fv. 654 til/frå Herøybruene og Fosnavåg. Med dagens kryssløysing må denne trafikken utføre ein 180 grader sving i krysset med fv. 10. Løysinga betyr også at denne hovudtrafikken får ein unødvendig omveg på 350-400 meter.

Denne reguleringsplanen legg til rette for å etablere ei ny veglinje for fv. 654 samt ein ny gang- og sykkelveg gjennom Stokksund i Herøy kommune. Desse tiltaka skal gi betre flyt i trafikken, samt auke framkomst og trafiksikkerheit for mjuke trafikantar i området.

2.3 Målsettingar for planforslaget og for ferdig vegprosjekt

- Redusere talet på trafikkulykker og redusert alvorlegheitsgrad på dei ulykkene som skjer.
- Forbetra framkomst. Reduserte kjøretøy- og tidskostnader.
- Forbetra framkomst og sikkerheit for gang-/sykkeltrafikk.
- I minst mogleg grad legge beslag på verdifulle arealressursar.
- I minst mogleg grad skape konflikt i forhold til dagens arealbruk, medrekna landbruk.
- Ta vare på menneske og bumiljø på ein miljøvenleg måte.
- Forbetra miljøforhold, spesielt trafikkstøy i bustadar og på offentlege uteområde.
- Det skal leggjast vekt på å redusere vegen sine barriereeffektar.
- Ny veg skal ha ei god landskapstilpassing og utforming.

2.4 Tiltaket sitt forhold til KU-forskrifta

Tiltaket er i samsvar med kommuneplanen (med unntak av det bustadområdet som kommunen ønsker regulert mellom eksisterande veglinje for fv 654 og ny veglinje for fv 10). Statens vegvesen har, i samråd med kommunen og Fylkesmannen, funne at reguleringsplanen, som blir omfatta av plan- og bygningslova § 3, ikkje fell inn under kriteria i § 4 i "Forskrift om konsekvensutredninger", då den ikkje medfører vesentlege samfunns- eller miljøkonsekvensar. Det er derfor ikkje utarbeidd planprogram. Ingen merknader ved oppstart påpeikar store konflikter etter dei punkta som er lista opp i § 4. Planen sine verknader vil likevel bli vurderte gjennom den ordinære reguleringsplanprosessen.

2.5 Planstatus og rammevilkår

2.5.1 Gjeldande planar



Figur 4: Utsnitt av gjeldande kommunedelplan (arealdelen) for Herøy kommune.

Hovudprinsippet for vegomlegginga er vist i gjeldande kommuneplan for Herøy (sjå raud linje i Figur 4). I kommuneplanen er området nord for veglinja vist som bustadområde og offentleg område lengst aust (kyrkje og skule). Det er ingen reguleringsplanar for dette. I nordvest grensar planen opp mot Stokksundbrua som låser utgangspunktet og retninga for vegtraséen i den enden.

2.5.2 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Følgjande dokument er aktuelle for denne planen:

- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging.
- Rundskriv T – 2/08: Om born og planlegging.
- T-1442 retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegginga.
- Nasjonale føringar for universell utforming.

3 Skildring av planområdet, eksisterande forhold

3.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Den nye veglinja vil gå som vist i kommuneplanen (sjå Figur 4) der tilstøytande område er avsette til LNF-formål. Områda aust og nord for veglinja er derimot nytta til ulike byggeformål, i sør til skule/idrettsanlegg og kyrkje, og lenger nord til bustadformål. Imellom ligg den tidlegare prestegarden i Stokksund som no er verna og i privat eige. Vestre del av planområdet inneheld ein del spreidd busetnad samt restar av landbruksområde/beitemark. Sistnemnde vert i dag nytta til sauebeite.

Stokksund skule er ein 1-10 skule med kring 150 elevar. Skulen har tilbod om SFO. Det er idrettsbygg med symjehall på skulen, og dette er eit svært mykje brukt aktivitetstilbod også utanom skuletida. Uteområdet er stort med tilgang på tre fotballbaner, to volleyballbaner og ei korgballbane.

3.3 Trafikkforhold

Frå krysset mellom fv. 10 og fv. 654 var ÅDT i 2013 på 3750 køyretøy pr døgn på fylkesvegen som går ut til Fosnavåg, mens ÅDT på fv. 654 som går frå same kryss i motsett retning (mot Stokksund skule) var på 3610 køyretøy/døgn. På begge strekningane av fv. 654 utgjorde tunge køyretøy 8 %. På fv. 10 var årsgjennomsnittet (ÅDT) i 2013 på 1060 køyretøy/døgn, derav 7 % tunge køyretøy.

Den klart største delen av trafikken i området går altså på fv. 654 til/frå Herøybruene og Fosnavåg. Med dagens kryssløysing er det denne trafikken som må utføre ein 180 graders sving. Løysinga betyr også at denne hovudtrafikken får ein unødvendig omveg på 350-400 meter, der dei i tillegg blir tvinga til å bremse ned til tilnærma full stopp i krysset med fv. 10.

Det er fleire farlege og uoversiktlege avkøyrslar på fv. 654 i dette området. To avkøyrslar til bustadområdet i Stokksund ligg der kor fv. 654 har ein ca. 90 graders sving, og kor omkringliggende terreng gjer sikta svært dårleg.

Syklistar og gåande må bevege seg langs fylkesvegen på denne strekninga, eventuelt bruke gamlevegen aust for kyrkja på strekninga mellom den skarpe svingen og skulen. Bruk av tilkomstvegen medfører ein del lenger strekning for mjuke trafikantar.

Strekninga er skuleveg for barn som bur i Stokksund og i Sandvika. Skule- og kyrkjeområdet er i tillegg ein del brukt i samband med fritidsaktivitetar utanom skuletid.

Det har frå 2004 til 2012 vore 6 registrerte ulykker i området; to av dei knytt til krysset mellom fv. 10 og fv. 654, sjå Figur 5. Dei grøne sirklane symboliserer ulykker med «lettare skade», medan den gule symboliserer ei ulykke med «alvorleg» skadegrad.



Figur 5: Registrerte ulykker i planområdet.

3.4 Landskapsbilde

Området tilhøyrer landskapsregion «Kystbygdene på Vestlandet». Denne regionen har skiftande landskapskarakter og fleire ulike landskapstypar enn i til dømes fjordregionar. Strandflata si lave høgde og oppskorne struktur gir kysten eit småskalapreg, noko ein kan sjå av dei mange små landskapsromma. Den oppstykkja strandflata resulterer også i sjøflater med høgst ulik form.


I ytre regiondelar møter både skjer, holmar og øyar storhavet, og herifrå trengjer vind og bølger inn for å tære på fjell og stein.

I ly av den ytre holmekransen finn ein eit mylder av ulike vågar, sund og småfjordar, som til saman dannar ei indre lei med mange ferdselsmoglegheiter, særleg for småbåtar. Fenomenet gjer regionen attraktiv i opplevingssamanheng, då det ofte er små avstandar mellom landskap med ulike visuelle inntrykk (Kjelde: Skog + landskap).

Rafteneset skjermar området mot havet i nordvest. Fjellformasjonane stig raskt sørvest for dagens veg. Fjellet si avgrensing er til dels i form av store, menneskeskapte skjeringar frå dagens veg.

Flatene innanfor planområdet har ulik karakter. Skulen grensar inn mot eit område som er prega av eit ope myrlandskap mot søraust. Kyrkja og prestegarden ligg i eit skogområde som skrånar svakt mot sjøen i aust. Lenger nord er eit relativt tett utbygd område med opne flater.

I området mellom Rafteneset og fv. 654 er det eit landskapsrom med beiteområde, som framstår som velstelt. Det er sjøkontakt både mot aust og vest frå dette området.



Figur 6 - Landskapsrom markert med grønt, retningar i landskapet markert med oransje og veggar i landskapet markert med brunt.

3.5 Nærmiljø/friluftsliv

Stokksund skule med tilstøytande idrettsanlegg (kunstgrasbane) er eit viktig samlingspunkt både for nærmiljøet og bygdene omkring.

Kyrkja i Stokksund er kyrkje for Indre Herøy sokn som dekkjer Moltustranda, Tjørnvåg og Myrvåg.

Det er ikkje knytt spesielle friluftsinnteresser til det aktuelle planområdet. Det bør likevel nemnast at området inngår i ein mykje nytta rundtur over Sandvikskaret (frå Sandvika til Tjørnvåg eller omvendt), og med retur til utgangspunktet via gang-/sykkelveggar og køyreveggar gjennom Stokksundområdet.

3.6 Naturmangfald

Planområdet blei synfart av biolog den 24.06.2013. I forkant av synfaringa blei det utført søk i databasen Naturbase til Miljødirektoratet. På synfaringa blei det fokusert på om det var verdifulle arter eller naturtypar i området, samt området sine landskapsøkologiske funksjonar.

Handbøker frå Statens vegvesen, Miljødirektoratet og Artsdatabanken ligg til grunn for skildringar og verddivurderingar.

Naturtypar og vegetasjon	Vegetasjonen i området består hovudsakleg av relativ høg bjørkeskog (mellom 2-5 meter). Noko selje finst saman med spreidde grantre. Vegetasjonen er temmeleg tett, busksjiktet består av ein del vierkratt saman med mange høge urter. Denne naturtypen utgjer eit fint habitat for småfugl som sporv og songarar.
Verneområde	Planen rører ikkje ved nokon verneområde ifølgje Naturbase.
Naturtypar	Planen rører ikkje ved nokon naturtypar ifølgje Naturbase.
Artsregistreringar	Planen rører ikkje ved nokon artsregistreringar ifølgje Naturbase.
Raudlistearter	Ingen raudlistearter finst innanfor planområdet ifølgje Naturbase eller Artsdatabanken.
Svartelista arter	Ingen svartelista arter finst registrerte innanfor planområdet i Artsdatabanken.
Inngrepsfrie naturområde	Avstanden frå planområdet til det nærmaste inngrepsfrie naturområdet (INON) er stor. Planen har derfor ingen påverknad på slike.

Figur 7 – Skjematisk framstilling av naturmangfaldsvurderingar på prosjektet.

3.7 Kulturmiljø

3.7.1 Automatisk freda kulturminne


Det blei gjennomført arkeologiske registreringar i planområdet av kulturavdelinga hos Møre og Romsdal fylkeskommune våren 2013. Det blei ikkje gjort nokon funn.

3.7.2 Kulturminne frå nyare tid

I planområdet ligg eit kulturmiljø av nasjonal verdi. Raftenes, gnr. 58, bnr. 1, Herøy gamle prestegard inneheld ein freda hovudbygning, låve, hage og omkringliggende kulturlandskap. I tillegg ligg Indre Herøy Kyrkje vel 100 meter sør for tunet.

3.8 Naturressursar

Området består av snau mark, innmarksbeite samt skog med høg bonitet, sjå figuren under.



Figur 8 - Kartet viser registrerte naturtypar. Kilde: Skog + Landskap.

3.9 Grunnforhold

Det er utført prøvegraving og prøvetaking med traktorgravar, samt myrsondering med stikkstong. Det generelle inntrykket er at det under eit humushaldig vegetasjonsdekke/beitemark er fast sandig og grusig mineralsk jord (morene) over berg. Det er òg gjort ei rekke observasjonar av berg i dagen.

Der det er planlagt gangvegundergang viser prøveprogravinga at det i området for kryssing er 1-1,5 meter til berg. Der den nye traséen for fv. 654 samt det nye krysset med fv. 10 er planlagt er det ein del myrområde, og det vil her bli behov for masseutskifting.

I byggefasen på alle prosjekt skal entreprenøren lage risikovurdering for kritiske arbeidsoperasjonar (sikker jobbanalyse). Dette skal inngå i byggherren sin SHA-plan. I dette prosjektet er det ein viss risiko knytt til utgraving av djupmyra mellom profil 4020 og 4080. Det er viktig at entreprenør har store nok maskinar for dette arbeidet, slik at ein heile tida kan arbeide frå fast grunn. Elles er det på strekninga vurdert å vere liten og ingen risiko for ras og skred inn på planområdet, eller utglidingar som følgje av svak undergrunn.

4 Skildring av planforslaget


4.1 Traséval og teknisk skildring

4.1.1 Fylkesveg 654

Fylkesveg 654 er i planforslaget lagt om slik at vegen frå skulen går rett fram mot Stokksundbrua. På denne måten unngår bilistane både dagens skarpe sving ved Stokksund, samt dagens kryss med fv. 10 der bilistane på fv. 654 blir tvungne til å bremse heilt ned. Ved å legge om fv. 654 i dette området sparer bilistane den unødvendige omvegen på 350-400 meter.

For å få ein veg som svingar minst mogleg, og samtidig kjem inn rett på brua, vil fv. 654 gå inn og opp i terrenget allereie frå området ved skulen. Vest for dagens krappe sving på fv. 654 vil den nye fv. 654 gå rett fram mot Stokksundbrua, der det er beitemark.

Standard på ny veg skal fastsettest ut frå prognoser for framtidig trafikkfordeling på vegnettet, og ut frå krava i handbok N100. 20 år fram i tid vil trafikken på fv. 654 truleg bli i overkant av 4000 køyretøy per døgn (ÅDT), som tilseier dimensjonering etter utbetningsstandard U-H4 for nasjonale hovudvegar og resten av hovudvegane, ÅDT 4000-6000. Det blir anbefalt at denne blir bygd med 10 meters breidde, men i kostbart og/eller sårbart terreng kan vegbreidda bli redusert til 8,5 meter. Vi har valt å dimensjonere fv. 654 med breidda 8,5 meter, da vi meiner at vegbreidde her må bli vurdert på bakgrunn av at dette er utbetring av ei kort vegstrekning, der det ikkje er aktuelt å utvide tilgrensande vegstrekning i nær framtid. Vegstrekninga må også tilpassast breidda på Stokksundbrua som er 7 meter mellom kantstein. Kvar køyrefil er 3,25 meter brei og vegskuldra er 1 meter, sjå Figur 9.



Figur 9: Tverrprofil U-H4, 8,5 m vegbreidde (mål i m).


På ein U-H4-vegtype skal talet på avkøyrslar avgrensast, og minste avstanden mellom kryss bør vere 500 meter. Kryss blir utforma som T-kryss eller rundkøyeringar.

Gang- og sykkelvegar kan krysse i plan på ein U-H4-vegtype, men planskilte kryss bør vurderast der kor gang- og sykkelvegen blir brukt som skuleveg.

4.1.2 Fylkesveg10

Fylkesveg 10 vil frå området med dagens kryss med fv. 654 i staden gå rett fram og komme inn på den nye fv. 654 i eit nytt T-kryss. Det vil i dette nye krysset bli bilistane på fv. 10 som har vikeplikt for trafikken på fv. 654, som er meir hensiktsmessig ut frå trafikktalet og veggeometri.

Fylkesveg 10 er planlagt med ein utbetningsstandard for «øvrige hovedveger» med ÅDT under 1500 kjt/t og fartsgrense 80 km/t (U-H01-veg i samsvar med handbok N100). Samla breidde på fv. 10 er 6,5 meter, med køyrefeltbreidde på 2,75 meter og vegskulder på 0,5 meter, sjå Figur 10.




Figur 10: Tverrprofil U-HØ1, 6,5 m vegbreidde (målt i m).

4.1.3 Gang- og sykkelveg


Det er planlagt gang- og sykkelveg parallelt med ny fv. 10 samt vidare frå krysset med fv. 654, gjennom undergang under fv. 10 til avkjørselen til bustadområdet i Stokksund. Frå denne avkjørselen og fram til skulen er det planlagt å bruke delar av eksisterande fv. 654 til fortau.

Gang- og sykkelvegen er dimensjonert etter krava i handbok N100 med 3 meters asfaltert flate med ei skulderbreidde på kvar side på 0,25 m. Sjå Figur 11.



Figur 11: Illustrasjon gang- og sykkelveg. 3 meter med asfalt og 0,25 meter med vegskulder på kvar side.

Der kor gang- og sykkelvegen ligg inntil ein fylkesveg, blir det planlagt ei 3 meter brei grøft mellom gang- og sykkelvegen og køyrebana, sjå Figur 12.



Figur 12: Grøft mellom gang- og sykkelveg og fylkesveg.

4.1.4 Fortau

Det er planlagt fortausløyising frå Indre Herøy Kyrkje til avkjørselen til bustadområdet i Stokksund. Dette er planlagt med 2,5 meters breidde og avvisande kantstein (13-15 cm). Årsaka til at det blir valt fortausløyising her er at ein ønsker å nytte eksisterande fylkesveg 654 til kombinert tilkomstveg til bustader, samt løysing for mjuke trafikantar.


4.1.5 Tilkomstveg til bustadområde nord for kyrkja

Bilistar som skal til bustadområdet nord for kyrkja har i dag ein tilkomstveg med avkjørsel tett på den krappe svingen på fv.654. Ny avkjørsel som er planlagt i ca. same område som der den ligg i dag, men vil knyte seg til

tilkomstvegen. Den nye avkjørsla vil få betre kurvatur enn dagens. Tilknyttinga til ny fv. 654 vil vere ved Stokksund skule, der sikta er betydeleg betre.

4.1.6 Busslommer

Det er planlagt to nye busslommer på kvar side av fv. 654 i samband med undergangen. Desse er planlagde med leskur og etter krava om universell utforming.



Figur 13: Skisse som viser busslomme med leskur.


4.1.7 Fotgjengarundergang under fv. 654

Det blir tilrådd å bygge standard undergang med vingemurar langs fylkesvegen. Breidde 4 m mellom veggjar.

Vi må ha lengre støttemurar på kvar side enn vist i Figur 14, då vi skal ha gangveg opp på nivå med fylkesvegen. Om muren skal vere i naturstein eller om sidemurar blir forlenga i betong, blir avklart i byggeplan.

Stigningsforhold på gangvegen skal vere maksimum 1:20 (5 %), unntak 1:22 (7 %) over korte strekningar, jf. kravet til universell utforming, handbok V129.

Over undergangen må vegen ha brystning i betong med rekkverk for å hindre at snø og liknande fell ned i undergangen. Rekkverk må byggast til sides for undergangen for å tilfredsstille krav i rekkverksnormal.



Figur 14: Prinsipp for undergang.

4.1.8 Løysingar ved skulen

Trafikkområdet mellom skulen og kyrkja er gjennom denne planen tenkt innstramma og oppgradert.



Figur 15: Utsnitt av reguleringsplanen ved Stokksund skule (det grå er vegareal/p-plass, det rosa er g/s-veg, det brune er kollektivhaldeplass, det mørke grøne er «anna trafikkareal» og det lysgrøne er LNF).

Gangvegen som kjem frå aust er tenkt vidareført mot vest med eit gangfelt over krysset som går ned mot skulen/Stokksund, og vidare forbi dei nye parkeringsplassane langs eksisterande fv. 654.

Gang- og sykkelvegen frå aust skal også vidareførast ned mot skulen til ei ny busslomme med leskur som er plassert inn mot skulen sitt areal. Denne busslomma skal brukast av skulebuss og lokalbuss, slik at passasjerane som skal til skulen ikkje treng å krysse noko trafikkareal. Det er plass til fleire bussar etter kvarandre i denne busslomma. Bussen må derfrå svinge rundt ei ny trafikkøy for å kome tilbake til fylkesvegen.

Mellom den fysiske trafikkøya og fylkesvegen legg denne planen til rette for etablering av parkeringsplassar for pendlarar/foreldre eller andre. Dagens parkeringsplass mellom kyrkja og skulen blir oppretthalden som i dag, men med innkøyring berre frå nord, sjå Figur 15.

4.1.9 Nytt bustadområde

Mellom ny fv. 654, ny fv. 10 og eksisterande fv. 654 foreslår planen eit mindre bustadareal. Ein avgrensa del av dette området er lagt ut til frittstående småhusbusetnad (BFS), medan det resterande er vist som konsentrert busetnad (BKS). Innanfor BFS1 er det i dag eitt eksisterande bustadhus. Planen går ut frå at bustadområdet skal ha tilkomst frå eksisterande fv. 654 (framtidig kommuneveg), og at området får støyskjerming mot dei nye hovudvegane (fv. 654 og fv. 10). Området kan ikkje byggast ut før ny veg er etablert.

Det er også lagt til rette for bustadbygging på eit mindre område nord for ny fv. 654. Dette området ligg i dag for nær vegen til at det kan nyttast til bustadar, men etter at vegen er flytta vil det ligge til rette for ei mindre utbygging.

4.1.10 Tilbakeføring/omklassifisering av vegar

Frå den nye undergangen og til eksisterande kryss med fv. 10, legg vi til grunn at vegen blir omklassifisert til kommunal veg og berre blir brukt som tilkomstveg til bustadhus.

På dagens vegbit mellom Stokksundbrua og krysset mellom fv. 654 og fv. 10 foreslår vi ein voll som skjermar mot støy og gir veganlegget betre landskapstilpassing. Denne skal revegeterast og arealet innanfor vollen kan tilbakeførast til LNF-område.

4.5 Andre vurderte alternativ

I oppstartsmeldinga for dette prosjektet skreiv Statens vegvesen at vi såg på eit forslag der eksisterande fv. 654, frå Stokksund skule til den krappe svingen, kanskje kunne brukast til gang- og sykkelveg utan biltrafikk, og kor vegen forbi prestegarden kunne bli opprusta til tilkomstveg for bustadområde og fiskerimottak. Mange av dei innspela vi fekk i samband med oppstartsvarselet, gjorde oss merksame på at dette ikkje var noko ønskeleg løysing, og dette har vi derfor gått vekk frå. Etter ønske frå kommunen er dagens fv. 654 vest for kyrkja/skulen no regulert til offentlig einfeltsveg med fortau, og ikkje som tofeltsveg med blanda trafikk.

Vidare har det vore vurdert om krysset mellom fv. 10 og fv. 654 skulle utformat som ei rundkøyring. På grunn av svært ulik trafikkmengde (ÅDT) på dei to fylkesvegane, og ønsket om å prioritere gjennomgangstrafikken på fv. 654, tilrår prosjektgruppa ikkje dette.

Det har også vore vurdert om gang- og sykkelvegen frå det som i dag er krysset med fv. 10 og fram til undergangen burde nytte eksisterande vegbit av fv. 654, som ved flytting av kryss kun kjem til å fungere som tilkomstveg til bustad. Kommunen hadde eit sterkt om gang- og sykkelveg langs heile fv. 10 vart lagt rundt det nye planlagde bustadfeltet, så difor er det denne løysinga som vert lagt fram.

5 Verknader av planforslaget

5.1 Framkomst

Krysset mellom fv. 654 og fv. 10 har i dag veldig krappe kurver, og nesten alle køyretya må bremse kraftig ned og gjerne også stoppe i krysset. I planforslaget er krysset flytta slik at hovudvegen (fv.654) er korta inn med ca. 400 meter, og geometrien er tilpassa høgare køyrefart. Dette gir redusert tidsbruk både for lette og tunge køyrety langs hovudvegen.

Planforslaget endrar også reguleringa av krysset slik at vegarma med minst trafikk får vikeplikt, medan den gjennomgåande trafikken på fv. 654 i stor grad kan køyre gjennom krysset utan å redusere farta.

Kapittel 5.3 viser kva samfunnet sparar av køyretøy- og tidskostnader som fylgje av betring av vegstandard og redusert veglengde.

5.2 Trafikksikkerheit

Trafikksikkerheita vil betrast betydeleg for alle trafikantgrupper med den nye planen.

Fv. 654 blir retta ut og meir oversiktleg. Kryss blir utforma etter gjeldande vegnormalar, og sikta vil verte bra.

Talet på avkøyrslar til bustadområdet ved Stokksund blir redusert frå dagens tre, til ei for heile området.

Mjuke trafikantar vil få nye busslommer på begge sider av fv. 654 ved det nye krysset, samt ein undergang. Det blir bygd fortau langs eksisterande fv. 654, som blir felles tilkomstveg for nesten alle bustadane i Stokksund. I tillegg blir det planlagt gang- og sykkelveg langs ny fv.10. På denne måten blir det eit godt samanhengande tilbod for gåande og syklande gjennom heile planområdet.

Området ved skulen er også planlagt med tanke på trafikktrykkleiken. Det skal etablerast ny busshaldeplass rett framfor skulen, slik at skulebarn slepp å krysse vegen.

Trafikktryggingsseksjonen i Statens vegvesen gjennomførte vinteren 2014 ein trafikktryggingsrevisjon av planen. Dette er definert som ein systematisk og uavhengig gransking av trafikktryggingsforhold i ein vegplan. Denne skal sørkje for at nye veganlegg vert bygd i samsvar med nullvisjonen, kunnskap om trafikksikker vegutforming og krav i vegnormalane og øvrig regelverk. Revisjonen skal luke ut uheldige løysingar, feil og manglar på dei ulike plannivåa, før anlegget blir bygd.

I vidare byggeplanlegging må det vere fokus på plassering av rekkverk i forhold til sikt i kryss og ved sikring av undergangen under fv. 654. Eit viktig moment som blei diskutert som ledd i trafikktryggingsrevisjonen var overgangen frå ny veglinje på fv. 654 til Stokksundbrua. Køyrebanebreidda er lik på ny veglinje og bru, men vegskuldra er smalare på brua, slik at trafikanten kan oppfatte brua som smalare. Vegvesenet tilrår uansett at den nye vegbiten vert planlagt og bygd i samsvar med handboka.

5.3 Samfunnsmessige forhold

Det er gjennomført nytte- og kostnadsutrekningar for prosjektet med programmet EFFEKT (versjon 6.53). Effektutrekningane viser kostnader for aktørane under:

- Trafikantar (trafikant- og transportbrukarnytte)
- Operatørar (bompengeselskap og kollektivselskap)
- Det offentlege (budsjettverknader for det offentlege)

- Samfunnet elles (ulykker, støy, luftforureining, skatteinntekter, restverdi)

Nytte og kostnader er utrekna for kvart år i ein periode på 40 år og diskontert til samanlikningsåret 2018. Netto nytte er summen av nytte i perioden 2018-2057, minus anleggskostnader og kostnader til drift og vedlikehald i same periode.

Tabellen under viser resultata frå EFFEKT, og samfunnsøkonomisk er prosjektet lønnsamt. Samfunnet tener 1,71 kr for kvar krone som vert investert. Innkorting av vegen med ca. 400 m for gjennomgåande fylkesveg og høgare fart gir stor nytte i form av sparte køyretøy og tidskostnader.

Prissette konsekvensar	Prosjektverknader	Kommentarar
Trafikant- og transportbrukarnytte	116 mill. kr	Spart reisetid og køyretøykostnader mest pga. innkorting av fv. 654 med ca. 400 m.
Operatørnytte	0 mill. kr	Også bussruter får kortare køyretid, men dette blir utlikna av reduksjon i overføringar.
Budsjettverknad	- 48 mill. kr	Investeringskostnader. Redusert veglengde gir reduserte vedlikehaldskostnader sjølv om det vert bygd gang- og sykkelveg.
Skattekostnad	- 10 mill. kr	Effektivitetstap knytt til skattefinansiering, 20 % av offentlege utgifter.
Ulykker	19 mill. kr	Betre vegstandard og kortare køyrelengde langs hovudvegen (fv. 654) gir reduksjon i talet på ulykker.
Støy og luftforureining	6 mill. kr,	Innkorting av vegen reduserer klimagassutslepp og støytiltak, og omlegging av fv. 654 gir betre støyforhold for nærliggande bustadar.
Netto nytte	83 mill. kr	Prissett nytte er større enn kostnadane.
Netto nytte pr. budsjettkrone	1,71	Samfunnet tener 1,71 kr for kvar krone som blir investert.

5.4 Naboskap

Naboane til dagens fv. 654 rett før dagens kryss med fv. 10 vil sleppe trafikken rett forbi husa sine. Vegen her vil berre bli nytta som tilkomstveg til bustader.

Eit bustadhus (på 58/6) vil få ny fv. 654 tettare på enn slik det er ved dagens løysing. Det planlagt å skjerme dette bustadhus mot støy med ein støyvoll med betongrekkverk opp på, sjå nærmare omtale i kapittelet om støy.

5.5 Byggegrenser

Byggegrensa langs fylkesvegane skal generelt følgje veglova § 29, dvs. 50 meter målt frå senterlinja, der ikkje anna er vist i plankartet. For bustadområdet BKS og BFS er byggegrensa 20 meter frå fv. 10, 30 meter frå fv. 654 og 10 meter frå kommunal veg. Byggegrense frå gang- og sykkelvegen, der den ikkje ligger langs veg, er 8 meter.

5.6 Kollektivtrafikk

Kollektivtrafikken til/frå Fosnavåg vil som resten av trafikken spare 350-400 meter ved omlegging av fv. 654. For kollektivtrafikk som skal til/frå fv. 10 vil strekninga i meter bli ca. som ved dagens situasjon, men vegane vil bli meir rette og oversiktlege innanfor planområdet, og krysset mellom dei to fylkesvegane vil bli utforma etter gjeldande standardar.

Det vil bli to nye busslommer i samband med krysset mellom dei to fylkesvegane, og desse vil bli utforma etter gjeldande standardar og med universell utforming

Korresponderande bussar vil som før nytte busshaldeplassen ved skulen, som blir planlagt oppstramma og forbetra gjennom denne planen.

5.7 Landskapsbilde

Det planlagde tiltaket vil gi nye inngrep og større skjeringar enn dagens veg. Mellom profil 3620 og 3930 kan ein ikkje unngå å få høge skjeringar med helling 10:1 mot vest. Mellom profil 3700 og 3900 vil ein også få fjellskjering mot aust. Denne foreslår vi å sprengje ned så langt at skjeringa får same skråningsvinkel som grøfta etter at fjellet er kledd med jord og tilsådd. Dette for å unngå at vegen går gjennom ei sjakt med bratte fjellskjeringar på begge sider.

Med tida vil vegetasjon vekse til og gjere skjeringane mindre dramatiske, tilsvarande dagens situasjon. Skjeringane skal i utgangspunktet revegeterast, med mål om å få markvegetasjon som er typisk for området tettare inn mot vegen. Under anleggsperioden må det vurderast om vegetasjonen eignar seg til revegetering, og om ein ønsker å dekke til skjeringane. Fjellskjeringa sin utsjånad vil avgjere dette. For å avgrense innsyn frå bustadar til vegen er eksisterande terreng mellom ny og eksisterande veg planlagt bevart mellom profil 3740 og 3860.

Landskapsrommet i le av Rafteneset vil bli delt i to. Som avbøtande tiltak vil vegfyllingane bli utførte med slake skråningar, slik at det framleis kan nyttast som landbruksareal nord for vegen.

Vegen sin barriereverknad blir redusert når det blir etablert undergang for gåande og syklande. I tillegg vil trafikken vest for ny fv. 654 bli vesentleg redusert, og området vil få eit heilt anna utviklingspotensiale og er difor regulert til bustadområde.

Det er planlagt vollar både langs begge fylkesvegane. På nokre strekningar har dei funksjon som støyskjerming, andre stadar for at vegen skal vere meir tilpassa landskapet og andre plassar for å gi ei visuell skjerming mellom veg og bustad/opphaldsområde. Vollane vil vere eit nytt landskapselement i området, men vil vere eit avbøtande tiltak for å gi betre landskapstilpassing og eit meir frodig veganlegg.

5.8 Nærmiljø/friluftsliv

For nærmiljøet er konsekvensane oftast knytt til støy, vibrasjonar, luftforureining, støv, samt barriereverknad og utryggleik i forhold til trafikken. Planforslaget vil truleg ikkje å ha negative konsekvensar i forhold til vibrasjonar og luftforureining. Støy er omtalt i punkt 5.12.

Planforslaget påverkar ikkje friluftsliv direkte, men den samanhengande gang- og sykkelvegen med undergang under fv. 654 kan vere med til å stimulere til gang- og sykkelaktivitet i området.

5.9 Naturmangfald (nml §§ 8-12)

Som det står i naturmangfaldlova skal vi ved utøving av offentleg myndigheit vurdere kva effekt tiltaket har på natur. Vurderingane er gjort av biolog i Vegvesenet sjå også avsnitt 3.6. Målet er å framskaffe og samanstillje tilstrekkeleg med kunnskap om naturmiljøet, slik det blir stilt krav om i naturmangfaldlova. Det er ikkje krav til konsekvensutgreiing for denne planen.

§ 8 Kunnskap om naturmangfald i området

Dei eksisterande registreringane er innhenta frå Naturbase (Miljødirektoratet), artskart (Artsdatabanken) og berggrunn (NGU). Vi vurderer kunnskapen om naturmangfaldet som god,

og naturmangfaldloven § 8 om kunnskapsgrunnlaget som oppfylt. Det er ikkje registrert naturtypar eller artar i området som er trua eller sårbare (CR, VU, EN). Tiltaket vil ikkje påverke utvalte naturtypar, prioriterte arter, utvalte kulturlandskap, verneområde, nærområde til verneområde eller marint verna område.

§ 9 Om føre-var-prinsippet

Vi vurderer kunnskapen om naturtypar, vegetasjon, pattedyr, vassmiljø og effektar av tiltaket i planområdet som god. Det er ikkje sannsynleg at tiltaket vil medføre alvorleg skade på økosystem, naturtypar, vegetasjon, flora, landskap og geologi. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje lagt stor vekt på vidare.

§ 10 Samla belastning på naturmangfaldet i planområdet

Planområdet er vurdert til å ha små naturfaglege verdiar. Det har også betydeleg menneskeleg påverknad frå busetnad og eksisterande veg. Området som blir råka er ikkje å rekne som eit betydeleg naturområde. Det blir derfor vurdert at den planlagde utbygginga ikkje vil påverke naturmiljøet særleg negativt, sjølv om noko areal vil bli nedbygd og ein del støy vil oppstå i anleggsperioden.

§ 11 Kostnadar ved miljøsvkking

Statens vegvesen har tatt kostnadane ved å framskaffe kunnskap om naturmangfald i området. Vidare vil det i tråd med Vegvesenet sine retningslinjer bli utarbeidd ytre miljøplan, samt rigg- og marksikringsplan, der førebyggjande eller avbøtande tiltak vil framgå. Kostnadar ved eventuelle avbøtande tiltak skal takast av tiltakshavar.

§ 12 Om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Paragrafen går ut på å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet ved å ta utgangspunkt i driftsmetodar, teknikk og lokalisering, som ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnsmessige resultata. Innhaldet i § 12 omfattar også vurdering av lokalisering/traséval. I denne saka er ny gangveg og ny vegtrasé allereie valt på bakgrunn av kva som er mest hensiktsmessig med tanke på vegens funksjon samt trafiksikkerheit. Løysingane ser ikkje ut til å vere til ulempe for naturmiljøet i større grad. Miljøforsvarleg teknikk og drift gjeld også miljøomsyn i anleggsfasen, og moment som skal sikre dette blir ytterlegare spesifisert i Ytre Miljø-plan før byggefase.

5.10 Kulturmiljø

Avstanden frå prestegarden til den nye traséen for fv. 654 vil bli større enn slik dagens situasjon er, og dermed vil støy frå fylkesvegen bli noko mindre (sjå omtale av støy kap 5.12 + støysonekart). Lokaltrafikken forbi prestegarden vil også kanskje gå noko ned, når eksisterande fv. 654 blir omgjort til lokal tilkomstveg med fortausløyising for gåande og syklistar. Statens vegvesen vurderer det slik at den nye vegtraséen for fv. 654 er ei forbetring for dette kulturmiljøet.

5.11 Naturressursar

Den nye traséen for både fv. 10 og fv. 654 vil beslaglegge primært innmarksbeite (i det nye kryssområdet) samt litt skog i samband med ny veglinje for fv. 654 mellom skulen og det nye kryssområdet. Sjå figur 8.

5.12 Støy

Støyregelverk

Gjeldande retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging er T-1442/2012. Denne skal leggest til grunn ved arealplanlegging og handsaming av enkeltsaker etter plan- og bygningslova i kommunane og i statlege etatar.

Den gjeld ved planlegging av ny støyande verksemd, etablering av nye bustadar eller annan busetnad med støyfølsame bruksformål ved eksisterande eller planlagt støykjelde og ved utviding eller oppgradering av eksisterande verksemd når endringa er så vesentleg at det er krav om ny plan etter plan- og bygningslova.

I samsvar med T-1442/2012 skal støy bereknast, og det skal kartfestast ei inndeling i to støysoner: Raud sone nærast støykjelda (Lden over 65 dB), angir eit område som ikkje er eigna til støyfølsame bruksformål, og etablering av ny støyfølsam busetnad skal unngåast. Gul sone (Lden 55 - 65 dB) er ei vurderingssone, der støyfølsam busetnad kan oppførast dersom støyreducerande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold. For øvrige område (kvit sone) vil det normalt ikkje vere nødvendig å ta omsyn til støy.

Berekningar og vurderingar

Planen er vurdert som eit tiltak for å betre trafikkavviklinga på fv. 654. Dei tilrådde grenseverdiane i T-1442/2012 for bustader og skuler er då Lden 55 dBA på uteplass og utanfor rom med støyfølsam bruk og Leq24h 30 dBA inne i soverom/opphaldsrom i bustad og i undervisningsrom/møterom i skuler. T-1442/2012 føreset at det også skal takast omsyn til kostnader. Dersom den tilrådde støygrensa utandørs ikkje vert innfridd med støyskjermingstiltak langs veg, skal lokale støytiltak (lokal skjerming av uteplass og/eller fasadetiltak) for å oppnå tilfredsstillande støyforhold vurderast.

Det er berekna gul og raud støysoner i høgd 4 og 2 meter over bakken. Høgde 4 meter over terreng er eit krav i retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging. Berekningsnivået 4 meter over bakken vert ofte lite påverka av støyskjerming frå nærliggande terreng og også i mindre grad av eventuelle støyskjermende element langs dei aktuelle støykjeldene. Berekningar utført i 2 meter høgde er representative for støy på uteplassar på bakken og framfor 1. etasje. Berekna støysonkart er lagt ved planen, sjå støysonkart i vedlegg X001-X006. Dei 2 første støysonkart (X001-X002) viser støy nivå for dagens veg (trafikk tall år 2040) i 2 m høgde over bakken, mens dei 4 neste viser støysoner for ny veg med støyvollar og støyskjermar langs veg, berekna i 2 meters høgde (vedlegg X003-X004) og 4 meter høgde over bakken (vedlegg X005-X006).

Som ein ser av støysonekarta vil støysituasjonen betre seg for alle bustader i planområdet, då fv. 654 vert lagt inn i terrenget og vekk frå bustadane. Langs ny fv. 10 (tidlegare ein del av fv. 654), vil også støysituasjonen betre seg vesentleg. Den raude støysona vil i dette område bli redusert kraftig som følge av redusert trafikk på strekninga, samt støyvoll mot det nye kryssområdet.

Som det går fram av vedlegg X002-X006 er det foreslått 5 støyvoller og 1 støyskjerm og tett betongrekkverk som vil fungere som skjerm over gang/sykkel undergangen. Ved skulen er det foreslått ein støyvoll frå profil 3350 og fram til parkeringsplassen ved skulen. På den første strekninga er skjermhøgda forslått til 3 meter, mens den på strekninga nærmare skulen er foreslått til 2 m. Eksakt høgde kan justerast i byggeplan, og det kan også vurderast om det bør lagast ein tilkomst gjennom vollen ein stad (vollane på begge sider av tilkomsten bør i så fall overlappe noko for å minske støyinnfall).

Vidare er det regulert inn ein støyvoll mellom langs fv. 654 for å skjerme prestebustaden på 58/1, frå profil ca. 3710 til 3800, med høgde 2 m. Prestebustaden kommer da i grøn støysoner. Støyvoll ved kyrkja kunne gitt betre støyforhold her, men dette er ikkje nærare vurdert etter som kommunen ikkje ønska en støyvoll der.

Ved eigedom 58/6 er det regulert inn ein 2 meter høg støyvoll frå profil 3960 til profil 4040. I kryssområdet langs fv. 10 og fv. 654 er det regulert inn støyvollar med høgde 1,5 m for å skjerme 58/1/12 og 58/1/13. Bustad 58/1/12 kommer da i grøn støysoner. Frå profil 3880 til profil 4040 langs fv. 654 vil tett betongrekkverk (0,9 m høg) på begge sider av fylkesvegen fungere som støyskjerm. Ved eigedom 58/5 er det foreslått støyvoll med høgde 1,5 m. Ved eigedom 58/7 er det foreslått en 2,5 m høg støyskjerm.

Sjølv om støysituasjonen i planområdet vert vesentleg betre som følge av ny veg og støytiltaka langs vegen, ligg fleire bustader (58/6, 58/1/13, 58/5 og 58/7), skulen (58/31) og kyrkja (58/38) i gul støysoner når støy bereknast 4 meter over terreng (vedlegg X005 og X006). For bustadane og skulen må lokale tiltak (lokal skjerming av uteplass

og/eller fasadetiltak) nærmare vurderast i samband med byggeplanlegging. I støysonekarta er desse bustadane vist med ein ekstra tjukk svart linje.

Lokale skjermar skal alltid plasserast tett ved aktuell uteplass, og har vanlegvis kort lengde (5-15 m), avgrensa høgde (1.0- 2.0 m) og beskyttar et lite areal (6-15 m²). Ein bør skjerme uteareal opp mot 15 m², og skjerming må tilpassast aktuell situasjon ved bustaden som: aktuell bruk og opparbeiding før tiltak, topografi, sol- og vindforhold samt eksponering mot naboer, veg etc.

Konkret utforming og utføring av dei lokale støytiltaka vert avklara i eit samarbeid med den aktuelle grunneigar.

5.13 Massehandtering

Tiltaket har eit masseoverskot på ca. 15.000 m³. Dette må køyras til et godkjent deponi. Vi forventar ikkje at lagring eller transportering av desse massane vekk frå planområdet vert oppfatta som problematisk. Det er sett av eit areal til anleggsbelte som kan nyttast til mellombels masselagring i anleggsperioden. Der vert behov for utgraving av djupmyra mellom profil 4020 og 4080.

5.14 Barn sine interesser

I rikspolitiske retningslinjer for «barn og planlegging» er det m.a. stilt krav til fysisk utforming. Planområdet må vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.

For dette planområdet blir barn sine interesser tatt vare på ved å legge til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikantar langs fv. 10 og fv. 654, samt ein undergang under fv. 654. I tillegg legg planen til rette for oppstramming av trafikkarealet framfor skulen for å betre trafikkikkerheita, blant anna med busslomme rett framfor skulen, slik at barna slepp å krysse veg eller trafikkareal mellom skulebuss og skulebygning.

5.15 Universell utforming

Gang- og sykkelveg, fortau, undergang samt busslommer blir planlagde etter prinsippa om universell utforming. Planforslaget er i tråd med Statens vegvesen si handbok 278, universell utforming av vegar og gater. Gang- og sykkelvegen innfrir krava til universell utforming med tanke på stigningsforhold.

6 Risiko, sårbarheit og sikkerheit ROS-analyse

Beredskapsseksjonen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal har utarbeidd sjekklista nedanfor for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga. Uakseptabel risiko er kommentert.

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tar omsyn til auka nedbør som følgje av moglege klimaendringar?	X	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustadar/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?	X	
	g	Er faren for radon vurdert i området?	X	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgivnader	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversvømming i lavareliggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser):	X	
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkeleg sløkkevassforsyning (mengde og trykk)? <i>Kommentar: Det lokale brannvernet har tankbil og nødvendig utstyr til ulykker innanfor planområdet.</i>		X
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkingskøyretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjente ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området? <i>Kommentar: Tankbilvelt m.m. kan ein ikkje sjå bort frå, men planforslaget aukar etter SVV si vurdering trafiksikkerheita i området, slik at risikoen for dette bør minskast ved ny løysing.</i>	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt		Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	a			
	b	Er det spesielle brannobjekt i området? <i>Kommentar: Stokksund kyrkje er kanskje å rekne som eit brannobjekt, men planforslaget aukar etter SVV si vurdering ikkje brannrisikoen. Når fylkesvegen blir lagt i større avstand frå kyrkja, og dagens fylkesveg blir brukt til tilkomstveg, vil det kanskje gjere eit eventuelt sløkkearbeid enklare.</i>		X
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?		X

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
		<i>Kommentar: Stokksund skule ligg i utkanten av planområdet. Tilkomsten til skulen vil ved gjennomføring av planen bli betre og meir sikker.</i>		
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: Opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: Fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som f.eks. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

7 Gjennomføring av plan

7.1 Framdrift og finansiering

Anleggsstart er avhengig av prioriteringar i fylkeskommunens langtidsplan. Prosjektet har pr dags dato (juni 2014) prioritet 5 på lista for mindre utbetringar i «Investeringsprogram fylkesvegar 2015 – 2023» som vart vedtatt av fylkestinget 17. juni 2014. Det er ikkje prioritert midlar til anleggstart til meir enn dei 4 første prosjekta på denne lista i perioden 2015 – 2023.

7.2 Utbyggingsrekkefølge

Det er ikkje aktuelt å bygge delar av veganlegget, da utretting av fv. 654, som er prosjektets hovud formål, utløyser dei andre føreslått tiltaka.

7.3 Endring av gjeldande planar

Det finst ingen eksisterande reguleringsplanar innanfor eller i tilknytning til planområdet.

7.4 Teknisk infrastruktur

Eksisterande leidningsnett skal kartleggast, og behovet for framtidig leidningsnett må avklarast med kabeletatane og kommunen.

Statens vegvesen har i planfasen hatt kontakt med Møre Nett (tidligere Tussa Nett) som har leidningar og kablar i området. En 66 kV-leidning kryssar området (hovudforsyninga til Ytre Herøy, som det ikkje er etablert reserveforsyning for), og det må tas omsyn til denne i samband med bygging. Ved eksisterande fv. 654 er det leidningar til lokal forsyning som bør leggst i bakken i samband med bygging.

7.5 Oppfølgjande undersøkingar

Det skal gjennomførast ei fullstendig kartlegging av framande uønskte arter i byggeplanfasen.

7.6 Grunnerverv

Vedtatt reguleringsplan dannar grunnlag for grunnerverv. Dersom frivillige avtalar med grunneigarar ikkje blir oppnådde, vil ein vedtatt plan vere grunnlag for ekspropriasjon av grunn og rettar. Normalt vil grunnervervet følgje formålsgrensa, slik at offentlege trafikkområde blir offentleg eigedom.

8 Samandrag av innspel

8.1 Innspel ved varsel om oppstart

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
Tussa Nett AS, 02.09.11	Tussa Nett AS gjer merksam på at dei har 22- og 66 kV-linje i området som vi må ta omsyn til, bl.a. hovudforsyninga til Ytre Herøy, som det ikkje er etablert reserveforsyning for.	Ok.
Stokksund grendalag v/Kåre Jensholm, 04.09.11	Seier at det ikkje er tatt med i planarbeidet ny G/S-veg frå Stokksundkrysset til Sandvika.	G/S-veg til Sandvika er ikkje en del av dette prosjektet.
Stokksund grendalag v/Kåre Jensholm, 03.11.11	- Ønsker nytt kryss ved skulen, og at eksisterande fv. 654 her blir gang-/sykkelveg og tilkomstveg til bebuarar og bedrifter i Stokksund. - Gamle fv. 654 ønskes ført under nye fv. 654 mellom Kåre Jensholm og Hans Jørgen Løvøy. - Eit lite fortau akkurat i undergangen og fartsgrense 30 km/t er ønskeleg. - Ønsker fartsgrense 30 km/t på alle småvegane i bygda generelt. - Ønsker at “Kirkholmkrysset” blir utbetra slik at det kan ta store lastebilar til fiskebruket. - Frå Jensholmkrysset til Kirkholmkrysset må kommunen ta ansvar for drift og vedlikehald av vegen. - Ønsker ikkje auka trafikk forbi prestetunet. Vegen mellom “presteløa” og kyrkja ønsker dei omgjort til kombinert G/S-veg og tilkomstveg. - Støyvollar bør vurderas. - Ønsker at det skal takast med i planen G/S-veg frå “Grytvikkrysset” til Sandvika.	Trafikkområdet ved skulen er oppstramma og utbetra via denne planen. Eksisterande fv. 654 er planlagt brukt som tilkomstveg med fortau. Det vert planlagt ein fotgjengarundergang under fv 654 som er dimensjonert for brøytemaskin (og mindre landbruksmaskin). Fartsgrenser vert ikkje fastsatt gjennom reguleringsplan. Avkøyrsla frå ny tilkomstveg (eksisterande vegtrasé for fv. 654) vil bli omlagt og utbetra. Denne er dimensjonert for lastebilar. Det er regulert inn støyvollar på plankartet og temaet støy er skildra i planomtalen. G/S-veg til Sandvika er ikkje med i dette planprosjektet.

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 12.09.11	Ingen innspel.	OK.
Sandvika Vel v/Caroline Sivertstøl, 26.09.11	Ønsker at G/S-veg frå Indre Herøy skule til Sandvika skal takast med i planarbeidet.	G/S-veg til Sandvika er ikkje med i dette planprosjektet.
Fjord1 Buss AS v/Håkon Hagen, 30.09.11	Fjord 1 Buss sin erfaring tilseier behov for busslommer på fv. 654 på begge sider av krysset mot Moltu, samt ei busslomme på fv. 10 i kryssområdet. Ønsker vidare at busslomme ved Indre Herøy ungdomsskule bør ha same tilknytning og utforming som i dag.	Det blei halde eit arbeidsmøte mellom Fjord1 Buss, Fylkeskommunen og Statens vegvesen 28.11.12 der dette blei diskutert, og kor ein i fellesskap kom fram til ei god løysing for busshaldeplassar. Reguleringsforslaget som blir lagt fram bygger på dette.
Stokksund skule v/rektor Vidar Kalland, 30.09.11	Ønsker g/s-veg frå krysset i Grytevik til Sandvika.	G/s-veg til Sandvika er ikkje med i dette planprosjektet.
Beate og Ivar Ørstavik, Herøy gamle prestegard, 05.10.11	Ønsker at eksisterande parsell av fv. 654 blir nytta til tilkomstveg for busetnad og fiskemottak, vidare at gamlevegen frå kyrkja til prestegardsløa blir nedgradert til G/S-veg.	Det er tatt høgde for innspelet.
Søre Sunnmøre landbrukskontor, 06.10.11	Omsyn til jordvernet må vurderast i det vidare arbeidet. Ønsker at dyrka mark blir skåna så godt som mogleg, og at det blir lagt til rette for gode løysingar med tanke på at landbruksdrifta kan halde fram. Dei meiner at ei omdisponering av LNF arealet vil ha ein samfunnsfordel, og at tiltaket har ein positiv verdi for samfunnet.	OK.
Gry-Elisabeth Lillenes Kempton, nestleiar i Tjørå Idrettslag, 09.10.11	Ønsker G/S-veg til Sandvika.	G/S-veg til Sandvika er ikkje med i dette planprosjektet.
Opplysningsvesenets Fond v/advokatfirmaet	Gjer oppmerksam på at areal til trafikkformål må ervedvast, og at OVF har rett til å komme med merknader ved høyring av reguleringsplan.	Det stemmer, ja.

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
Harris, 10.10.11		
Sokneprest Knut Magne Dalsbø, 10.10.11	Foreslår at gamlevegen frå kyrkja forbi løa til prestegarden blir stengt for gjennomgangstrafikk, og at fv. 654 blir nytta til både tilkomstveg og G/S-veg.	Eksisterande fv 654 vil bli nytta til både tilkomstveg og g/s-veg i planforslaget som er lagt fram.
Møre og Romsdal fylkeskommune, 10.10.12	Det er ikkje kjente funn av automatiske freda kulturminne i planområdet, men meiner at området har potensiale for funn av ikkje kjente automatiske freda kulturminne. Det må påreknast at det blir stilt krav om arkeologiske registreringar. Dei vil komme tilbake med utsegn etter nærmare synfaring. Dei ønsker at kulturminne frå nyare tid i området i form av Herøy gamle prestegard som er eit kulturmiljø av nasjonal verdi og Indre Herøy kyrkje, skal vektleggast tungt i planlegginga. Dersom det ikkje blir lagt fram eit planforslag som tilstrekkeleg tar omsyn til desse nasjonale verdiane, vil dei vurdere forslag til motsegn til planforslaget.	Det blei utført arkeologiske registreringar våren 2013.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 12.10.11	Påpeikar at tiltaket er i samsvar med kommuneplanen og ikkje medfører vesentleg samfunns- eller miljøkonsekvensar, og at det derfor ikkje er krav om konsekvensutgreiing. Fylkesmannen er positiv til at det foreslåtte prosjektet blir gjennomført.	OK.

8.2 Innspel ved offentlig ettersyn

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
Fylkesmannen 26.01.15	Peikar på at planen legg til rette for løysing som betrar trafikktryggleiken og legg betre til rette for kollektivtrafikk. Planen medfører ikkje vesentlege konflikter med allmenne interesser.	Ok.
Opplysningsvesenets fond 26.01.15	Dei meiner planforslaget gir omfattande konsekvensar ved at store delar av foreslått vegareal blir liggande på deira grunn. Det er regulert støyvoll for å ivareta støyforholda i prestebustaden. I føresegnene er det berre opna for at det kan etablerast støyvoll. Dei ber om at dette forholdet vert sikra gjennom	Føresegnar er retta opp slik at ein sikrar at støyvollar vert bygd. Formålsgrensene er noko justert slik at anna vegareal er redusert og bustadareal har auka.

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
	kart og føresegner Dei er positive til tilrettelegging for bustadareal. Når det gjeld B1 (no BKS2) så ber dei om at formålsgrensene vert justert og utvida slik at det minimum følger g/s-vegen om syd og SKV2 mot aust så langt dette er mulig. Dette vil vere meir natuleg enn den som er lagt i eigedomsgrensa og medfører unødvendig mykje areal til annan veggrunn. Dei ber også at vi vurderer å flytte g/s-veg slik at bustadarealet kan utvidast mot sør. Faresona legg beslag på byggbart areal, dei ber om at det vert vurdert tiltak som gjer større delar av området byggbart. Dei ber om at den eksisterande vegstubben på bustadområdet mellom Tjørnvågvegen og Prestegardsvegen vert fjerna i anleggsfasen. SKV2 skjer inn i prestebustadhagen. Dei ber om at anna veggrunn vert redusert til eit minimum. Dei gjer oss merksam på at grunn til trafikkføremål må ervervast.	Vi meiner det er god bruk av dagens vegkapital å nytte eksisterande veg til gang- og sykkelveg og ser det ikkje som rett ressursbruk å bruke samfunnet sine midlar på å bygge ny g/s-veg lenger sør for å få eit noko større bustadområde. Det vil heller ikkje vere vegprosjektet si oppgåve å fjerne høgspenteleidningar for å få større bustadområde. Kommunen krev at veg og g/s-veg skal vere adskilt og ha dei breiddene som er brukt i planforslaget. Omfanget av anna vegareal er redusert til å omfatte 1 meter utanfor skråningsutslag som er minimum for å ha plass til snøopplag.
NVE 05.12.14	Ingen merknadar til planforslaget	OK.
Møre og Romsdal fylkeskommune 27.01.15	Ingen merknadar til planforslaget	Ok.
Søre Sunnmøre landbrukskontor 26.01.15	Dei viser til førre merknad og presiserer at det må leggst til rette for gode løysingar for landbruksdrifta i området. Forslaget kjem ikkje i konflikt med kjende trekkvegar for hjort slik dei er vist i kommunen sitt viltkart.	Sett bort frå det som er direkte tap av dyrka mark, så er det ikkje vurdert at tiltaket har negative konsekvensar for landbruket. Det har ikkje kome merknadar frå styresmakter eller bønder som tilseier at det er ulemper som ikkje er skildra i planomtalen.
Kåre Jensholm 23.01.15	Han forutset at gamle fv. 10 vert kommunal og blir rusta opp og asfaltert. Kan undergang nyttast som tilkomst til gamalt kryss mellom fv 10 og fv. 654. Han ønsker ny veg sør for huset for å sleppe trafikk gjennom tunet for eventuelt framtidig tomter på hans eigedom.	Dette er ikkje eit forhold som vert regulert gjennom reguleringsplan, men kommunen er positiv til dette. Han kan ikkje nytte undergang til køyring, sjølv om den er dimensjonert for brøytebil. Køyring kan skape utrygge situasjonar for

Frå, dato	Innspel	Kommentar frå Statens vegvesen
Det er rådmannen si haldning at dagens oppgåver ved landbrukskontoret vil kunne handterast av Ulstein kommune v/teknisk etat dersom ein heimel frå landbrukskontoret vert innlemma. Dette vert trekt i tvil av både styret, dei tilsette og høyringspartane, men Ulstein kommune har etter mi vurdering både formal- og realkompetanse til å handtere oppgåvene på ein forsvarleg måte. På særskilde område vil ein kunne kjøpe kompetanse frå grannekommunar slik vi gjer på andre fagfelt, og slik Sula og Giske gjer frå Haram kommune landbruksområdet, for å nemne eitt eksempel. Og like viktig: Det som måtte vere av ledig kapasitet kan nyttast til samfunnsoppgåver på andre område, ikkje minst overordna planlegging og arealsaker i ei av dei raskast veksande kommunane i fylket. Landbruksfagleg deltaking og bidrag i kommuneplanlegging, reguleringsplanarbeid, jord- og skoglovsaker vil, slik eg ser det kunne bli enklare, meir effektiv og betre ved at eininga er ein integrert del av planetaten i den enkelte kommune. Det same kan vere med generelle og spesielle natur- og miljøsaker, samarbeid og tilrådingfunksjonar overfor Innovasjon Norge, samarbeid med fylkeskommunen om bygdeutvikling, rådgjeving, kurs, nettverk, med meir.

Når utmelding på dette tidspunkt likevel ikkje er tilrådd men i staden ei mellomløyning, er dette tufta på to forhold. For det første har eg erfart over tid, og i kontakten med partane i denne konkrete saka, at det er unødvendig med eit politisk valt styre. Styret har få prinsipielle saker sidan kommunen ikkje kan delegere offentleg myndebruk til styret, jf. vedtektene for samarbeidet i §6 og KL §27. Tilsettingar, lønsfastsetting og lønsforhandlingar på fagnivå er etter kvart lite utbreidde oppgåver for folkevalde, og kan handterast meir profesjonelt av vertskommunen Herøy. Løysinga med overføring av arbeidsgjevaroppgåver til Herøy kommune er juridisk akseptabel, og klarert med KS.

Øvrige styreoppgåver (budsjett, rekneskap, årsmelding m.v.), kan handsamast og godkjennast av rådmennene som styre og vert dernest innlemma i kommunale styringsdokument og rapportar. Dette bør kunne gje tydelegare prioritering og potensielt betre folkevalt styring enn i dag.

For det andre er kommunereformarbeidet i gang, og etter sonderingar og utgreiingsfase skal konkrete løysingar drøftast. Dagens organisering av interkommunale samarbeid vert sjølv sagt ein del av dette. Sjølv om eg er skeptisk til å utsette fornuftige strukturelle grep med ein vaklande reform fem år fram i tid som trumfkort, er det likevel vurdert som akseptabelt i denne saka. Framtidig organisering av søre Sunnmøre landbrukskontor vert dermed å avvente til nærare 01.01.2020. I mellomtida opphøyrer ordninga med politisk valt styre for landbrukskontoret frå komande kommunestyreperiode.

Vedtektene vert gjennomgått og justert i samsvar med tilrådinga. Desse er mangelfulle på enkelte punkt og kan elles trenge ein gjennomgang i lys av dei erfaringar ein har gjort seg etter 20 år.

Til slutt kan nemnast at som med mangt anna er interkommunalt samarbeid basert på korleis klimaet mellom partane til eikvar tid er. Eit godt samarbeid er i utgangspunktet avhengig av ein kultur basert på tillit og vilje til å løyse oppgåver i fellesskap. Med dei moderate endringar som her er føreslått kan det gode samarbeidet fortsetje med omtrent same kurs, og med medlemskommunane tettare på rattet. Så får arbeidet med kommunereforma vise om det er fornuftig med større grep framover, for dette og andre interkommunale samarbeid.

Folkehelse- og miljøkonsekvensar: Nei

Økonomiske konsekvensar: Nei

Beredskapsmessige konsekvensar: Nei

29.07.2015

Einar Vik Arset
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

VEDTEKTER FOR SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR (SSL)

§1. Selskapsform, deltakarar

Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) er eit interkommunalt selskap danna av kommunane Hareid, Herøy og Ulstein, med heimel i kommunelova sin § 27.

I SSL kan det etter søknad opptakast nye kommunar som medlemmer. Ei utviding av medlemstalet må godkjennast av alle kommunane som alt er medlemmer av Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL).

§2. Selskapets formål

Formålet med det Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL), er vidareføring av verksemda til det statlege landbrukskontoret som fram til 1.1.1994 har drive landbrukskontor for kommunane Hareid, Herøy og Ulstein med kontor i Dragsund. Oppgåvene til selskapet er å arbeide med rådgjeving og sakshandsaming etter dei til ei kvar tid gjeldande lovar og regelverk som er vedteke for denne type kommunal verksemd og elles for SSL spesielt.

§3. Kommunane sine økonomiske plikter

Kommunane som er tilslutta SSL, skal betale tilskot til drifta av selskapet, der storleiken på tilskotet gjer at drifta vert fullfinansiert. Administrasjons- og kapitalutgifter skal kalkulerast inn i driftskostnadene.

Fordelinga av tilskotet frå kommunane skal skje etter avtala prosentfordeling som er slik:

Herøy.....49%	} Endra til	43%
Ulstein.....27%		29%
Hareid.....24%		28%

10/2002

Dersom det vert aktuelt å ta opp andre kommunar som medlemmer av SSL, vert det å avtale anna prosentvis fordeling av det kommunale tilskot til driftsutgiftene. Fordelinga av driftstilskotet må godkjennast av alle kommunane som alt er medlemmer.

Dersom kriteria for berekning av rammetilskotet viser ein vesentleg endra tilskotsfordeling, eller dersom aktiviteten innbyrdes i kommunane i praksis vert vesentleg endra, kan deltakarkommunane kreve reforhandla fordelingsprosenten som nemnt ovanfor.

Dersom SSL ved oppstarten av SSL vedtek å overta kontorlokalitetar som har vore nytta av staten til lokalisering av det statlege landbrukskontoret, forpliktar SSL seg til å overta leigekontrakta som staten har med utleigar.

Deltakarkommunane i SSL forpliktar seg overfor kvarandre til å dekke sin prosentvise andel i husleiga fram til husleigekontrakta utløper 1.7.2000, eller på et tidlegare tidspunkt dersom kontrakta si varigheit på eit tidspunkt vert forkorta gjennom reforhandlingar av leigekontrakta.

§4. Særskilde plikter og rettigheter for medlemskommunene

For dei samarbeidande kommunane gjeld følgjande særskilde plikter:

- a) Herøy kommune skal som vertskommune stille sitt administrative apparat til disposisjon for SSL, herunder og forstå rekneskapsføring. Det vert opp til styret i SSL å vedta om SSL skal nyttiggjere seg tilbodet frå Herøy kommune vedkomande administrativ bistand til SSL.

Herøy kommune tek på seg det formelle arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette ved SSL.

- b) Dei deltakande kommunane betalar sin budsjetterte del av utgiftene til SSL med ein halvpart 1. april og den andre halvparten 1. oktober i budsjettåret. Endeleg avrekning og oppgjer skjer når revidert rekneskap forelegg.
- c) Gebyr vert fakturerte i namnet til dei respektive deltakarkommunane.
- d) Kvar deltakande kommune kan krevje rett til ein kontordag i veka på nærare bestemt plass i sin kommune. Dersom denne retten vert nytta, pliktar vedkomande kommune sjølv å dekkje utgiftene til kontorplass og eventuelt skyssutgifter i samband med dette.

§5. Styret

Søre Sunnmøre Landbrukskontor vert leia av eit styre på 6 medlemmer, med to medlemmer frå kvar kommune. Medlemmene og varamedlemmene frå deltakarkommunane vert valde av kommunane sjølve.

Styreformannen vert vald av styret sjølv for 2 år om gongen, men likevel slik at formannsvervet går på omgang mellom dei deltakande kommunane. Ved stemmelikheit vert styreformannen si stemme avgjerande.

Når styret handsamar saker som vedkjem dei tilsette, vert styret utvida med ein representant frå dei tilsette, og styret tel difor i slike saker 7 personar.

Dersom andre kommunar vert medlem av SSL, vert styret utvida med 2 representantar frå kvar ny kommune.

§6. Styrets oppgåver og kompetanse

Styret skal forstå den daglege drifta av selskapet og har følgjande oppgåver:

- a) Vedta budsjett for selskapet i samsvar med budsjetteringa i deltakarkommunane.
- b) Opprette og inndra stillingsheimlar etter at deltakarkommunane har fått høve til å uttala seg innafor vedtekne økonomiske rammer for verksemda.
- c) Forta tilsetjingar og oppseiingar, samt vedta instruksar og løns/arbeidsvilkår for dei tilsette (Ved tilsetjingar skal det under elles like forhold takast distriktsmessige omsyn)
- d) Godkjenne arbeidsoppgåver/oppdrag utover det lovbestemte, og fastsette gebyr.
- e) Vedta årsberetning og rekneskap og sende det til dei deltakande kommunane.
- f) Fastsette møte- og skyssgodtgjersle for styret sine medlemmer.
- g) Styret har ikkje mynde til å ta opp lån eller på anna måte pådra deltakarkommunane økonomiske forpliktelser. Eventuelle låneopptak m.m. må godkjennast i deltakarkommunane på førehand.

§7. Styret sin forretningsorden

- a) Styreformannen kallar inn til styremøte så ofte han finn det nødvendig eller når administrasjonen eller 2 av styremedlemmene forlanger det. Innkalling skjer vanlegvis skriftleg med opplisting av dei sakene som skal handsamast, og så vidt mogeleg med 8 dagars varsel.

- b) Vedtak i styret vert fatta med alminneleg fleirtal. Styret er vedtaksført når halvparten av medlemmene (inkl. møtande varamedlemmer) er til stades.
- c) Det skal førast protokoll over styrets forhandlingar. Utskrift av protokollen skal sendast medlemskommunane og fylkesmannen i Møre & Romsdal.
- d) Om habilitet gjeld kommunelova og forvaltningslova sine bestemmelsar.
- e) Leiaren i styret forpliktar SSL, eller i hans fråvær 2 av styremedlemmene. I begge tilfelle saman med dagleg leiar.

§8. Dagleg leiar

På vegne av administrasjonen i deltakarkommunane er landbrukssjefen dagleg leiar for SSL. Han har ansvaret for at SSL utøver si verksemd i samsvar med gjeldande regelverk og dei vedtak som er gjort av SSL sitt styre.

Dagleg leiar pliktar å delta i styremøta. Rådmennene i deltakarkommunane har innstillingsrett til styret i saker som skal handsamast her.

Dersom det er vedteke at det skal vere ein fast kontordag i ei eller fleire av deltakarkommunane, pliktar dagleg leiar å syte for at det på denne dagen fins naudsynt kompetanse i vedkomande kommune.

§9. SSL sin administrasjon

Alt personale som arbeider ved SSL er tilsett ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor og alle tilsetjingar skjer ved vedtak i styret for SSL.

Sjølv om administrasjonen er tilsett av og ved SSL, har Herøy kommune det formelle arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette. Arbeidsgjevaransvaret skal ivaretas etter gjeldande lover og føreskrifter som gjeld for andre kommunalt tilsette.

§10. Orientering til berørte partar

Når vedtektene er godkjende og når det er gjort godkjende endringar i dei, skal ein gjenpart sendast til Fylkesmannen v/landbruksdirektøren, til Landbruksdepartementet og til dei tilsette sine organisasjonar.

§11. Uttreden og oppløysing

Forslag/krav om oppløysing eller uttreden av samarbeidet må handsamast etter kommunelova sin §27 pkt.3.

Den einskilde kommune kan med 1 års varsel seie opp sitt medlems-forhold i det interkommunale samarbeidet og krevje seg utløyst frå det.

Aktiva og passiva vert å fordele mellom dei deltakande kommunane etter same fordelingsnøkkel som nefint i §3.

Ved oppløysing av selskapet forpliktar Herøy kommune seg til å overta husleigekontrakta, jfr. § 3.

Twistemål i samband med det økonomiske oppgjeret vert å handsame etter §12.

§12. Twistar

Twist mellom dei deltakande kommunane om tolking av desse vedtektene vert avgjort med bindande verknad av ei voldgiftnemnd oppnemnt av Fylkesmannen i Møre & Romsdal.


§13. Vedtektsendringar

Endringar i desse vedtektene må, etter handsaming av styret, vedtakast av dei deltakande kommunane.


§14. Iverksettjing

Vedtektene vert iverksette når dei er godkjent av dei deltakande kommunane, tidlegast frå 1.1.1994.

-----00000 01.01.1994 00000-----


Hareid kommune


Herøy kommune


Ulstein kommune

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Årsmelding 2014

Innhold

Føremålet til Søre Sunnmøre Landbrukskontor	2
Styret for SSL for 2011 - 2015	2
Styret sin oppgaver	2
Økonomi.....	3
Rekneskapen.....	3
Tilsette.....	4
SSL sine oppgaver innafor landbruk og viltforvaltning	4
Produksjonstilskot og avløysartilskot.....	4
Regionalt miljøprogram – RMP	5
SMIL midlar	5
Tilskot til drenering.....	6
Gjødselplanar.....	7
Avløsning under sjukdom.....	7
Jord- og konsesjonslovsaker, reguleringsplanar og kommuneplanar	8
Planlegging og rettleiing	8
Skogforvaltning.....	9
Viltforvaltning.....	9
Andre oppgaver ved SSL.....	10
Hoppid.no.....	10
Dragsundbygg IKS	10
Oppsummering.....	10

Føremålet til Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Søre Sunnmøre Landbrukskontoret (SSL) er eit interkommunalt selskap som vart etablert 01.01.1994. Kommunane Herøy, Ulstein og Hareid er eigarar. Selskapet er organisert etter § 27 *interkommunalt samarbeid* i KommuneLOVA.

Føremålet med SSL er å vidareføre verksemda til det statlege landbrukskontoret. Kontoret arbeider med rådgjeving og sakshandsaming etter gjeldande lover og regelverk, og oppgåver som er vedteke særskild for SSL.

Styret for SSL for 2011 - 2015

Kommune	Medlem	Personlege vara medlem
Ulstein	Wenche Osnes Låbakk, leiar 2014 - 2015 Olav O. Dimmen, nestleiar 2014 - 2015	Einar Nevstad Oddny Våge Ulstein
Herøy	Bjarne Kvalsvik Jarl Grimstad	Tor Sindre Steinsvik Svein Ulrik Helt Brubakk
Hareid	Annika Brandal Hallgeir Teigene	Anders Riise Kristian Fuglseth

Val av styreleiar og nestleiar går på omgang mellom kommunane. Det er skifte av leiar og nestleiar etter 2 år. Det vart vald ny leiding frå 01.01.2014. Frå 22.05.2014 tok Bjarne Kvalsvik over vervet i styret frå Gry Olaug Dimmen etter vedtak i K-sak 65/14 i Herøy kommune.

Forhandlingsutval for 2014 – 2015	Personleg vara medlem
Leiar Wenche Osnes Låbakk	Olav O. Dimmen
Bjarne Kvalsvik	Jarl Grimstad
Hallgeir Teigene	Kristian Fuglseth

Styret sin oppgåver

Styret skal vedta budsjett, årsmelding og rekneskap. I tillegg skal styret opprette eller inndra stillingsheimlar og fastsette løn til dei tilsette. Styret kan godkjenne arbeidsoppgåver og oppdrag ut over dei lovpålagde oppgåvene, og fastsette gebyr for desse tenestene.

Styret har halde 4 styremøte i løpet av året og handsama 22 saker. Til styremøte 03.09 var rådmennene i eigarkommunane representert.

Forhandlingsutvalet gjennomførde drøftingsmøte 16.09 og lønnsforhandlingar 23.09. Det vart forhandla med Delta, Fagforbundet og Naturviterne.

Styret har handsama løysing for handtering av landbrukssjefen sin ugildskap. Det vart gjort vedtak om å leige inn ein person på timebasis for å handtere saker etter viltlova i Hareid kommune. Det vart inngått avtale mellom SSL som oppdragsgjevar og Alv Ottar Folkestad som sjølvstendig oppdragstakar. For andre saksområde vert det nytta settekommune viss ikkje det finst fagkompetanse ved kontoret.

Økonomi

Drifta av SSL vert fullfinansiert ved at eigarkommunane betalar sin budsjetterte del av utgiftene til SSL, jmf. §4b i vedtektene. Fordelinga mellom kommunane er slik: Herøy kommune: 43 %, Ulstein kommune: 29 %, Hareid kommune: 28 %. Andre inntekter går til fråtrekk på det eigarkommunane betalar inn. I 2014 var andre inntekter: sal av kommunal skogforvaltingsteneste til Sande kommune, honorar for å utføre dagleg leiing for Dragsundbygg IKS og framleige av eit enkelt kontor i lokala til SSL. Leigeforholdet vart avslutta 1. juni og det er ikkje etablert avtale med ny leigetakar pr. dato. Landbruk Nordvest nyttar kontoret vederlagsfritt ein dag pr. veke. Andre påkomande utgifter vert dekt frå disposisjonsfondet. Pr 31.12.14 var disposisjonsfondet på kr. 820.500,96.

Rekneskapen

Rekneskap for tildeling av avklaringsmidlar frå Hoppid er del av SSL sitt totale rekneskap. Hoppid midlane er avsett på bunde fond og vert løyvd etter søknad. Midlane til SSHU er og plassert i bunde fond. SSL er ansvarleg for plassering av midlane.

Rekneskapen for 2014 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 89 147,-. Overføring frå eigarkommunane og Sande kommune er i samsvar med budsjettet. Inntektene frå honorar og framleige er lågare enn budsjettert då framleiga vart avslutta i løpet av året. Mindreforbruket skuldast mindre avvik på fleire av rekneskapspostane i driftsbudsjettet, og løyving av avklaringsmidlar frå Hoppid.

Sum driftsinntekter	kr. 2 762 910,-
<u>Sum driftsutgifter</u>	<u>kr. 2 856 313,-</u>
Brutto driftsresultat	kr. - 93 403,-
Sum eksterne finansinntekter	kr. 25 907,-
<u>Sum eksterne finansutgifter</u>	<u>kr. 0,-</u>
Resultat eksterne finanstransaksjonar	kr. 25 907,-
Netto driftsresultat	kr. - 67 496,-
Sum bruk av avsettingar	kr. 269 527,-
<u>Sum avsettingar</u>	<u>kr. -112 884,-</u>
Driftsmesseg meir/-mindreforbruk	kr. 89 146,-

Tilsette

Stilling	Tilsett
Landbrukssjef – 100 % stilling	Anne Kathrine Løberg
Landbruksrådgjevar – 100 % stilling	Oddvar Gjerde
Fagkonsulent – 100% stilling	Kristin Myrene
Konsulent – 50 % stilling	Marianne S. Nerland
Rådgjevar naturforvalting – 50 % stilling	Janne Bareksten

Landbrukssjefen har gjennomført ein medarbeidersamtale med kvar tilsett. Sjukefråværet gjennom året har vore på 4,4 % (8,8% i 2013) og gjeld korttidsfråvær.

SSL vart IA-bedrift i 2013 og den 25.04.14 vart det vedteke mål for verksemda sitt IA arbeid for 2014-2015. Det vart skreve under avtale den 08.05.14 med bedriftshelsetenesta Medi3. I løpet av hausten arrangerte Medi3 to arbeidsmiljøsamlingar med dei tilsette. Arbeidsmiljøet ved kontoret vert følgt opp gjennom samarbeidsplan for 2014-2015 mellom SSL og bedriftshelsetenesta Medi3.

Arbeidstilsynet gjennomført tilsyn ved SSL den 02.04.14. Pålegga som vart gitt er følgt opp. Eit av pålegga var ordning med verneombod. Dei tilsette valde Kristin Myrene til verneombod.

Arbeidet med å utforme ein lokal lønspolitikk for SSL vart sett på dagsorden i samband med dei lokale lønnsforhandlingane i 2014. Arbeidet skal slutførast før lønnsforhandlingane i 2015. I lokal lønspolitikk vert det sett mål om arbeidet med likestilling og diskriminering. Fram til det er vedtatt eigen lønspolitikk for SSL vert lokal lønspolitikk for Herøy kommune nytta.

SSL nyttar Herøy kommune sine rettingslinjer og ordningar som gjeld arbeidsforhold, etisk standard, likestilling og liknande.

SSL sine oppgaver innafør landbruk og viltforvalting

Kontoret leverer lovpålagde kommunale tenester innafør landbruksforvalting og viltforvalting til dei tre eigarkommunane. I tillegg kjøper Sande kommune dei kommunale skogforvaltingstenestene. Ut over dei lovpålagde tenestene gir kontoret og rettleiing til gardbrukarar innafør kontoret sine fagområde. I tillegg lagar vi gjødselplanar på bestilling frå gardbrukarane.

Produksjonstilskot og avløysartilskot

Fristen for å søkje om produksjonstilskot er 20. januar og 20. august. Fram mot fristane er det stor pågang med spørsmål frå gardbrukarane. Alle vert oppmoda om å søkje elektronisk og vi har ein PC

tilgjengeleg for brukarane slik at dei kan kome til landbrukskontoret for å fylle ut søknaden. I 2014 kom det til nokre nye søkjarar då reglane om minstekrav for omsetting vart endra. Søknadane vert sakhandsama etter oppsette fristar og 5% av søknadane vert kontrollert ved gardsbesøk.

Kommune	Produksjonstilskot utbetalt juni 2014		Produksjonstilskot utbetalt februar 2014		Avløysartilskot*	
	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot
Herøy	56	3 322 865	56	2 852 035	35	943 367
Ulstein	28	2 234 224	29	3 064 293	21	740 770
Hareid	18	1 122 982	20	1 771 116	13	389 242

* Avløysartilskotet er del av utbetalinga i juni 2014.

Regionalt miljøprogram – RMP

Ordninga har som føremål å fremje tiltak som tek i vare kulturlandskapet og som reduserer forureining. Kva tiltak som gir tilskot vert stadig endra og ordninga krev difor god rettleiing.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på søkjarar i 2014	21	8	6
Utbetalt tilskot februar 2015	355 588	67 371	99 116

SMIL midlar

Gjennom ordninga med Særskilde miljøtiltak i landbruket vert det mellom anna løyvd tilskot til inngjerding av beite, restaurering av bygningar, hydrotekniske tiltak og tilrettelegging i kulturlandskapet for allmennheita. Dei som får løyvd midlar har frist på 3 år for å gjennomføre tiltaket. Om nødvendig kan fristen forlengast med 2 år. Søkjarar som ikkje får løyvd midlar eine året vert vurdert for tildeling seinare år.

Lokal strategi for tildeling av midlar vert revidert kvart fjerde år. Ny startegi for perioden 2013 til 2016 vart handsama i alle dei tre kommunane.

Det er mange søknadar ”i systemet” til ei kvar tid og handsaminga krev ein del ressursar ved kontoret.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Inndregne midlar frå tidlegare år	49 689	0	13 400
Tildelte midlar	110 000	110 000	110 000
Sum midlar for tildeling i 2014	159 689	110 000	123 400
Tal på nye søkjarar	8	3	1
Tal på søknadar frå tidlegar år handsama i 2014	7	7	6
Tal på søknader som fekk løyving	8	6	4
Tal på søknadar utsett til 2015 eller avslått	7	4	3

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på søknader for sluttutbetaling	10	10	6
Tal på søknader for delutbetaling	3	0	0
Sum midlar til utbetaling i 2014	227 965	192 340	97 200

Tilskot til drenering

Tilskot til drenering av jordbruksjord kom i 2013. Føremålet med tilskotet er å auke kvaliteten på jordbruksareal som er grøfta tidlegare. Det er og eit mål å redusere faren for erosjon og overflateavrenning.

Det vart løyvd kr 30 000 til kvar kommune i 2014.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid *
Tal på søknader	2	1	5
Areal i dekar	17,5	8,3	59,0
Sum tilskot til utbetaling i 2014	17 500	8 300	59 000

* Årsaka til den høge løyvinga i Hareid var overføring av midlar frå dei andre kommunane. Det var ein søknad i Hareid som det ikkje var midlar til.

Gjødselplanar

Det vart utarbeid 20 gjødselplanar i løpet av året. Vi er ein av fleire tilbydarar som lagar gjødselplanar. Gardbrukaren kan velje om han vil take jordprøvene sjølv eller om vi skal ta dei. Prøvene blir sendt inn for analyse og gjødselplanen vert så utarbeidd ved landbrukskontoret. Kostnaden med utarbeiding av gjødselplan vert fakturert gardbrukaren.

Avløyasing under sjukdom

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Handsama saker	0	2*	3
Utbetalt refusjon 2014	0	39 740	32 097

*Ein innkomen søknad i tillegg som vert handsama i 2015.

NMSK midlar

Næring- og miljøtilskot i skogbruket vert i all hovudsak nytta til skogplanting og stell av ungskog. Det vert førebels løyvd lite midlar til våre kommunar, då hogstaktiviteten er liten. Bruken av midlane krev god marknadsføring.

Lokal strategi for tildeling av midlar vert revidert kvart fjerde år. Ny startegi for perioden 2013 til 2016 vart handsama i alle dei tre kommunane. Strategien for Sande kommune vart tilpassa den nye strategien. Som del av strategien kan tilskotsmidlane flyttast mellom kommunane.

Det vert gitt 70% tilskot til planting og ungskogpleie. Årsaka til dei låge løyvingane i 2014 er den høge tilskotssatsen. Signala frå Fylkesmannen er at kommunar med høge tilskotssatsar ikkje får høg prioritet ved løyving.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid	Sande
Tildelte midlar i 2014	0	0	25 000	0
Løyvde midlar i 2014	9 226	0	7 048	0

Jord- og konsesjonslovsaker, reguleringsplanar og kommuneplanar

Kontoret gir fagleg uttale i søknader som skal handsamast etter jordlova i Herøy og Ulstein kommune. I Herøy vert sakene handsama politisk i Maritim- og teknisk komité. I Ulstein kommune vert sakene handsama i Teknisk utval. Enkle saker vert avgjort administrativt i begge kommunane etter uttale frå landbrukssjefen. Vi skriv saksutgreiing på søknader om konsesjon og legg dei fram for politisk handsaming i dei same utvala. I Hareid kommune skriv vi saksutgreiing til alle saker etter jord- og konsesjonslova. Sakene vert handsama i Næring- og miljøutvalet.

Vi har mange spørsmål knytt til overdraging eller sal av landbrukseigedomar. Her gir vi rettleiing om lovverk og hjelper til med utfylling av skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom, søknad om konsesjon og skøyte.

Vi gir uttale til reguleringsplanar i alle kommunane.

Vi har vore med i arbeidsgruppa for kommuneplanarbeidet i Herøy kommune. Det er særskild viktig at landbrukskontoret tek del i heile prosessen med kommuneplanarbeidet.

Tal på uttale i saker	Herøy	Ulstein	Hareid
Omdisponering av dyrka mark	5	0	0
Deling etter jordlova	14	5	3
Konsesjonslova	0	5	0
Reguleringsplanar	13	6	3
Vegbygging, planering, naust og flytebrygger	14	2	1

Planlegging og rettleiing

Vi gir uttale til alle søknadar om investeringstilskot og lån som går til Innovasjon Norge. Det gjeld og søknad om pantefråfall og «prioritetsvikelse» i landbruket. Vi gir og noko økonomisk rettleiing, men det er i stor grad landbruket sine eigne organisasjonar og rekneskapskontor som står for slik rettleiing. Vi ga rettleiing til to bygningssøknadar til Innovasjon Norge.

Vi gir og landbruksfagleg uttale i trygdesaker m.m. der det trengs økonomiske vurderingar av landbruksfagleg art, samt saker om tidlegpensjon i landbruket. Det vart handsama ein søknad om tidlegpensjon i 2014.

Vi har ansvar for registeret over personar med Autorisasjonsbevis (sprøytesertifikat). Gjennom året arrangerer vi eksamen for dei som skal ta bevis for fyrste gong eller som skal fornye beviset.

Vi sende ut informasjonsskriv til alle gardbrukarar i juli og desember som mottar produksjonstilskot. I tillegg vert det lagt inn aktuell informasjon på heimesida www.landbrukskontoret.no. Den 15.mars inviterte vi gardbrukarane til eit «Hygge og nytte» på Dragsundbygg. Hensikta med møte var å gje

nyttig informasjon om tilskotsordningane i landbruket samt og å vere ein møtestad for brukarane i kommunane våre. Vi fekk gode tilbakemeldingar om at møtet var nyttig for dei 22 som møtte fram.

I samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre og landbrukskontoret i Sande inviterte vi til kurs i miljøplan og drenering av dyrka jord laurdag 29.11 på rådhuset i Sande. Den 02.12 var det samling for nye gardbrukarar her på landbrukskontoret. Det var 8 brukarar som var til stades.

Skogforvaltning

Vindfalldriften heldt på i Hareid til utpå nyåret, men tømmeret vart ikkje registrert i virkesbasen før langt utpå hausten. Grunnlaget for søknad om driftstilskot vart difor ikkje sendt inn før alt tømmeret var registrert. Tilskotmidlane som Fylkesmannen administrerer vart brukt opp og søknadane vert liggande til 2015. Det har vore litt planteaktivitet i Hareid og Herøy, sjå NMSK tilskot, men ingen aktivitet i Sande og Ulstein. Vi ventar at den store aktiviteten med planting etter orkanhogstane vil starte for fullt i 2016.

Viltforvaltning

Kontoret er sekretær for Nemnd for vilt, fiske og friluft i Herøy kommune og sekretær for Viltnemnda i Ulstein kommune. I Hareid kommune legg vi fram viltsaker for Næring- og miljøutvalet.

Prosessen med oppretting av digitale valds-/ jaktkart i Herøy heldt fram i 2014. Det vart halde møte for hjortevalda i Herøy den 26.02 med informasjon frå jakta 2013. Tilsvarende møte vart halde den 18.03. i Ulstein og den 19.03 i Hareid. Den 26.08 vart det og halde «før jakta» møte for valda i Herøy og Ulstein på Herøy rådhus.

Den 14.08 vart jegerar frå Herøy, Ulstein og Sande invitert til «Betre jeger kurs» med Tore Andestad frå Møre og Romsdal jeger og fiskarforeining. Vi sto som arrangør og kurset vart halde på Kjeldsund ungdomssenter. Hareid kommune hadde tilsvarende kurs året før.

Det vart halde orienteringsmøte for viltnemnder og utval i Sande, Herøy, Ulstein og Hareid den 19.11 på Sjøborg. Tema var organiseringsprosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013 – 2017».

Medarbeidar i prosjektet Ole Rune Aabrekk orienterte.

	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på politisk handsama saker	25	34	17
Tal på delegerte saker	11	2	0

Andre oppgaver ved SSL

Hoppid.no

Kontoret har vore lokalt Hoppid-kontor for Herøy, Ulstein og Hareid. Gjennom fyrstlinetenesta har vi gitt enkel rettleiing til etablerarar og løyvd tilskot frå det lokale Hoppid-fondet.

Det vart vedteke ny ordning for Hoppid-kontoret fyrste halvår i 2014. Ulstein kommunestyret vedtok 13.03.14 å nytte Ålesund Kunnskapspark for etablerarrettleiing. Den 22.05.14 vart det gjort same vedtak i Herøy kommunestyret og den 19.06.14 i Hareid kommunestyre. Inneståande avklaringsmidlar vart overført til Ålesund kunnskapspark.

Dragsundbygg IKS


SSL sel tenesta som *dagleg leiar* for Dragsundbygg IKS. Bygget vert leigd ut til Mattilsynet og Kystlab.


Oppsummering


I løpet av året har det kome til nokre fleire søkjarar på produksjonstilskot. Når gardbrukarane vert aktive tilskotssøklarar vert det enklare å nå dei med rettleiing og oppfølging. Det er mange små gardsbruk i kommunane våre og vi ser at landbrukskontoret har ei viktig rolle som bindeledd mellom den praktiske utøveren og alt regelverket gardbrukaren må sette seg inn i. Reglar og krav er heile tida i endring og det er krevjande for kvar enkelt gardbrukar å fylje med på alt.

Vi meiner at samarbeidet kommunane våre har om SSL er viktig for at vi skal kunne halde fram med gode kommunale tenester til forvaltarane av landbrukseigedomane.

Dragsund 07.04.2015


Wenche Osnes Låbakk
leiar


Bjarne Kvalsvik
styremedlem


Annika Brandal
styremedlem


Olav O. Dimmen
nestleiar


Jarl Grimstad
styremedlem


Hallgeir Teigene
styremedlem


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef



Rådmannen i Ulstein kommune
Postboks 143

6067 ULSTEINVIK

Telefon: 700 84 670
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:

Vår ref: AKL

Dato: 26.06.2015

Uttale frå tilsette ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) til Ulstein kommune si vurdering om å trekkje seg ut av samarbeidet om SSL.

Vi syner til dialogmøte den 16.06.15 på Herøy rådhus. Etter informasjonen som vart gitt, og synspunkta som kom fram i møtet, meiner vi det er tenleg å gi til kjenne synet vårt i skriftleg form.

Historikk for samarbeid om kommunal landbruksforvaltning

Samarbeidet mellom Herøy, Ulstein og Hareid vart etablert i 01.07.1990 for å utføre dei statlege jord- og skogbruksoppgåvene i dei tre kommunane. Tidlegare var det felles landbrukskontor for Ulstein og Hareid med ein fast kontordag i kvar kommune. Herøy kommune hadde eige landbrukskontor, men så langt attende som til 01.01.1988 var det ein felles heradsagronom (seinare jordbrukssjef) for alle tre kommunane.

Sekretærfunksjonen for viltneamdene vart overført frå kommunane til SSL rundt 2000-talet. Hareid etablerte avtale frå 01.07.1997, Herøy frå 01.10.2000 og Ulstein frå 01.01.2002.

På skogsida har det vore samarbeid mellom kommunane på Søre Sunnmøre sidan dei statlege skogstillingane vart oppretta fyrst på 50-talet. Seinare vart skogdistriktet delt mellom Indre og Ytre Sunnmøre skogbrukssjefdistrikt. Ytre distrikt besto av kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Hareid og Ulstein fram til 2001 då Vanylven gjekk ut av samarbeidet.

Etter at kommunane tok over den statlege landbruksforvaltinga (1994) heldt samarbeidet fram og det interkommunale selskapet Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) vart etablert. SSL har i dag ansvaret for jord, skog og viltforvaltning for Herøy, Ulstein og Hareid. I tillegg kjøper Sande kommune skogforvaltningstenesta av SSL.

Alternativ organisering

SSL er organisert etter §27 i KommuneLOVA. Verksemda er leia av eit styre på seks personar som er valde av dei tre samarbeidande kommunane. Styret sine oppgåver er å vedta budsjett, opprette eller inndra stillingsheimlar, utføre tilsetjingar og oppseiingar, godkjenne oppgåver utover det lovpålagde, og vedta årsmelding og rekneskap. Styret sine oppgåver handlar i hovudsak om SSL si forretningsdrift og organisering.

Vertskommunemodellen, §28 i kommunelova, går i korte trekk ut på at ein kommune overlèt til ei anna kommune å utføre lovpålagde oppgåver og utøve offentleg mynde. Ei slik organisering gir klarare utøving av mynde, då det vert lagt til ein rådmann og ikkje til eit styre med avgrensa mynde. Sakshandsaminga kan forenklast og effektiviserast ved å gi delegert mynde i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Vi meiner at ein bør vurderer å endre organisasjonsforma frå interkommunalt selskap til vertskommunemodellen som alternativ til å trekkje Ulstein kommune ut av samarbeidet om SSL.

Kvifor samarbeid om kommunal landbruksforvalting?

Det er eit utbreidd samarbeid mellom kommunar på fagområda jord, skog og viltforvalting. Lokalt kan vi sjå til det sist etablerte samarbeidet mellom kommunane Ørsta og Volda. I samarbeidet om Nordre Sunnmøre Landbrukskontor har fleire kommunar samarbeidd gjennom fleire år. Samarbeidet der omfattar i dag fem kommunar. I Haram kommune vert det seld tenester innafor landbruksforvalting til kommunane Giske og Sandøy.

Ulstein kommunane samarbeider om andre kommunale tenester, t.d. IKT og barnevern. Slik vi ser det vert det dårart at Ulstein kommune vil trekkje seg ut av samarbeidet om landbruks- og viltforvalting.

Etter vårt syn fører kommunalt samarbeid til eit betre tenestetilbod, styrka kompetanse og auka effektivitet samt at landbruksforvaltinga i kommunane vert mindre sårbar. Når det landbruksfaglege miljøet for fleire kommunar vert samla i eit felles kontor vert fagmiljøet større, sterkare og meir robust. Vi meiner det vil vere føremålstenleg å halde fram med samarbeidet om SSL med den avgrensinga og plasseringa som kontoret har no.

Strukturendring landbrukssamarbeid versus kommunereforma

Vi meiner utspelet frå Ulstein kommune, om å trekkje seg ut av samarbeidet om SSL, kjem på eit svært uheldig tidspunkt. Drøftingane om endra kommunestruktur er i full gong og eigarkommunane våre skal ta stilling til eventuell ny struktur innan juni 2016. Endringar no vil føre til at heile samarbeidet om SSL raknar, og at landbruks- og viltoppgåvene vert ført attende til kvar einskild kommune. I neste runde kan dei så verte del av ein ny og større kommune. Det er ein risiko for at den kommunale landbruks- og viltforvaltinga vert svekka på ein utilsikta måte dersom samarbeidet opphøyrer midtvegs i prosessen.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg
landbrukssjef


Oddvar Gjerde
rådgjevar


Kristin Myrene
fagkonsulent


Marianne Sævik Nerland
konsulent


Janne O. Bareksten
rådgjevar

Kopi til:

Ordføraren, formannskap og gruppeleiarar i Ulstein kommune
Ordførar og rådmann i Herøy kommune
Ordførar og rådmann i Hareid kommune
Styret for Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Delegerte saker frå avdelingane

DS 13/15 Kjøp av tomt 12/277 - Remøya 18.08.2015 00:00:00 Catharina Klokke Eide

Referatsaker

Referatsaker



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunane i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		53579/2015/Q13	Heidi Nerland, 71 25 86 77	19.08.2015

Informasjon om vedtatt investeringsprogram for fylkesvegar 2016 - 2023

Investeringsprogram for fylkesvegar 2016 – 2023 vart behandla i Fylkestinget den 15.06.15 (sak T-25/15).

Vedtak i Fylkestinget - 16.06.2015

Fylkestinget vedtek investeringsprogrammet slik det no vert lagt fram, med følgjande endringar:

1. Store prosjekt: Prior. 2 – Todalsfjordprosjektet: 25 mill.kr 2016-2023
2. Mindre utbetringar(Ferjekaier): Prior. 2 – Liabygda ferjekai: 2016: 44mill. 2017:5,5mill (44 mill. flyttes fram frå 2018 til 2016 og 5,5mill flyttes fram frå 2019-23 til 2017)
3. Mindre utbetringar (Bruer): Prior.2- Herøybrua: 17mill.kr 2016(flyttes frå 2017 til 2016).
4. Mindre utbetringar(Andre investeringar):
5. Prior.2 – Vardegjølet: 9,5mill.kr 2016 (flyttes frå 2017 til 2016)
6. Prior.5 – Kjørsvikbugen: 5,1mill.kr 2016 (flyttes frå 2018 til 2016)
7. Gang- og sykkelvegar: Prior.5 – Almestad-Gurskebotn: 25mill.kr 2016 (flyttes frå 2017 til 2016)
8. Mellomstore prosjekt: ein føreset at sak "prioriteringskriterier mellomstore prosjekt" snarast vert lagt fram, slik at ein ved neste rullering kan prioritere prosjekt også innanfor denne kategorien.
9. Fylkestinget opprettheld sitt intensjonsvedtak i sak T-37/14 vedrørende bypakkar i Møre og Romsdal.
10. Fylkestinget viser til sak T-54/10A og vedtek at den årlege utbetalinga av ferjesubsidiar skal vere inntil 40 år.
11. T25 investeringsprogram fylkesvegar: Furneskryss (kryss fv 61/fv 657) i Sula kommune vert teke inn igjen, jf. tidlegare program til perioden 2018-2023. 21,7 mill. Ein føresetnad for prioriteringa er at Sula kommune søker om å forskottere prosjektet.
12. Fylkestinget viser til samrøystes vedtak i sak T 61/13 i oktober 2013, og ber administrasjonen innarbeide følgjande tiltak i investeringsprogrammet for 2016-2023: Høgebrua på fylkesveg 655 i Ørsta – ny bru med tilstøytande vegar -inn på liste under Mindre utbetringar- bruer.

Verbalforslag:

Prioritet store vegprosjekt

2. prioritet Todalsfjordprosjektet

Prioritet nr. 2 (etter Nordøyvegen) står ved lag.

Prosjektet følges tett av samferdselsutvalget. Dersom det vil bli behov for midlar i planperioden, vil utvalget komme tilbake med ny behandling i samferdselsutvalget, og vidare til fylkestinget.

Vi presiserer at investeringsprogrammet først og fremst er ei liste over fylkesvegprosjekt i prioritert rekkefølge. Det er gjeldande økonomiplan som avgjer dei økonomiske rammene. Økonomiplanen gir rammer for fylkesveginvesteringane for inneverande år og tre år framover. Det er ikkje gjort vedtak om økonomiske rammer for åra etter 2018.

Store investeringar dei seinare åra og store låneopptak, underskott på driftsbudsjetta til samferdselsektoren og lågare skattevekst enn venta, gjer at fylkeskommunen har mindre disponible inntekter til både drift og investering, også på samferdselsektoren. Dette medfører at det innanfor dei noverande økonomiske rammene ikkje er dekning for å gjennomføre prosjekt som tidlegare har ligge inne med løyving innanfor denne investeringsprogramperioden (tom 2023). Prosjekta er framleis prioriterte, men tidspunkt for realisering er meir usikker. Ein konsekvens av at mange prioriterte prosjekt no ikkje ligg inne med løyving i perioden, er at kommunane ikkje kan søke om å få forskottere.

Ved årleg behandling av Plan- og byggeprogram vert prosjekt som kjem til realisering dei to kommande åra vedtatt.

Oppdatert tabell av vedtatt investeringsprogram er vedlagt dette brevet.

Lenkje til alle dokument i saka: <http://mrfylke.no/Politikk/Moeteplan>

Med helsing



Arild Fuglseth
samferdselssjef



Heidi Nerland
rådgivar

Vedtatt investeringsprogram for fylkesvegar 2016-2023 (Behandla i Fylkestinget i sak T-25/15)

Anslag/ bh-overslag
Forenkla anslag,
snittprisar
Grove estimat

					2015-kr					Venta total kostnad/ kostnadsramme prosjekt	Merknad
Prioritet i sist inv.program	Ny prioritet	Fv nr	Kommune	Prosjekt	2016	2017	2018	2019-2023	SUM 2016-23		
Store prosjekt											
1	1	659	Haram/ Sandøy	Nordøyvegen	150,0	734,0	734,0	1 454,0	3 072,0	3 187,0	Investeringar i ferjekaier er lagt inn i finansieringa av Nordøyvegen. Det er lagt inn 10 % usikkerheit i tillegg til totalkostnaden på 2,75 mrd. 2013-kr (fråtrukke kuttlista, jf. FT-vedtak). Prisjustert til 2015-kr er dette 3,2 mrd. kr.
2	2	670	Sunndal/ Surnadal	Trollheimstunnelen/ Kryssing av Todalsfjorden.				25,0	25,0	2 550,0	
3	3	Div.	Div.	Fjordkryssingar: Langfjordtunnelen, Talgsjøtunnelen, Storfjordsambandet, Rovdefjordbrua, Sande Fastlandssamband, Aukra – Midsund.					0,0	IA	Planleggingsmidlar til dei store fjordkryssingane. Uprioritert liste. Ikkje talfesta.
Sum store prosjekt					150,0	734,0	734,0	1 479,0	3 097,0	5 737,0	
Mellomstore prosjekt											
Sum mellomstore prosjekt					0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	
Bypakkar i Møre og Romsdal											
1	1	Div.	Kristiansund	Bypakkane i Møre og Romsdal				0,0	0,0	93,0	Kollektivtiltak i Kristiansund, jf. T-37/14. Investeringstiltak i Molde og Ålesund ligg allereie i inv.programmet, fordelt på andre programområde (mindre utbetringar og trafikktryggingstiltak).
Sum bypakkar					0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	93,0	
Programområda											
Mindre utbetringar (Ferjekaier)											
3	1	60	Stranda	Stranda ferjekai. Fornying av anlegg	6,0				6,0	69,0	Restfinansiering.
4	2	650	Stranda	Liabygda ferjekai. Fornying av anlegg	44,0	5,5	0,0	0,0	49,5	53,0	
5	3	668	Molde	Mordalsvågen ferjekai. Fornying av anlegg	27,0	47,0	0,0		74,0	77,0	Føresetnad om statleg tilskott på 38 mill. 2015-kr for bruk av kaia som reservekai for Molde Vestnes. Dette ligg inne i 2016 og 2017.
6	4	63	Norddal	Linge ferjekai. Fornying av anlegg			0,0		0,0	50,0	Prioriteringa av ferjekaier er basert på vurdering av tilstanden på ferjekaiene og venta restlevetid. Vi vil i 2016 ha ein større gjennomgang av tilstanden på ferjekaiene i Møre og Romsdal, og det vil truleg bli endringar i prioriteringane etter dette. Fleire ferjekaier har tidlegare ikkje vore prioritert m.a. pga. planar om ferjeavløysing.
7	5	63	Norddal	Eidsdal ferjekai. Fornying av anlegg			0,0		0,0	50,0	
8	6	216	Aukra	Småge ferjekai. Ny tilleggskai (den kaia ferja legg til ved)					0,0	20,0	
9	7	413	Molde	Sekken ferjekai. Ny tilleggskai (den kaia ferja legg til ved)					0,0	20,0	
11	8	682	Aure	Arasvika ferjekai. Fornying av anlegg					0,0	50,0	
12	9	682	Halsa	Hennset ferjekai. Ny tilleggskai (den kaia ferja legg til ved)					0,0	20,0	
13	10	216	Aukra	Aukra reserveferjekai.					0,0	50,0	
14	11	61	Sula	Sulesund ferjekai. Ny kai og tilhøyrande landområde					0,0	132,0	
Sum mindre utbetringar (Ferjekaier)					77,0	52,5	0,0	0,0	129,5	591,0	
Mindre utbetringar (Bruer)											
1	1	62	Sunndal	Drivabrua	60,0				60,0	122,0	Oppstart 2015. Ferdigstilling i 2016.
2	2	654	Herøy	Herøybrua	17,0	0,0			17,0	17,5	Betongarbeid – hovudsøyler har alvorlege skadar. Val av teknisk løysing pågår.
3	3	390	Ålesund	Steinvågbrua			15,5		15,5	15,5	Betongarbeid. Val av teknisk løysing pågår
4	4	658	Giske	Giskebrua				32,0	32,0	32,0	Stor kloridbelastning. Val av teknisk løysing pågår. Alternativer er: Kle inn eller KB-anlegg (Ikkje kostnadsrekna).
5	5	64	Rauma	Vikelvbrua				2,0	2,0	2,0	Utskifting av rør

Prioritet i sist inv.program	Ny prioritet	Fv nr	Kommune	Prosjekt	2016	2017	2018	2019-2023	SUM 2016-23	Venta totaltkostnad/ kostnadsramme prosjekt	Merknad
6	6	64	Eide	Brandseterbrua				2,0	2,0	2,0	Utskifting av rør
7	7	60	Stranda	Sveabakkbrua				5,0	5,0	5,0	Val av teknisk løysing pågår. Alternativ er ombygging/ forsterking eller ny bru.
8	8	61	Herøy	Sætrebrua				8,0	8,0	8,0	Val av teknisk løysing pågår. Alternativ er ombygging/ forsterking eller ny bru.
9	9	680	Aure	Sållåsundbrua (Solheimssundbrua)				8,0	8,0	8,0	Betongarbeid. Val av teknisk løysing pågår
10	10	18	Herøy	Rundebrua				53,0	53,0	53,0	Betongarbeid – hovedsøyler har alvorlege skadar. Skifte av KB-anlegg. Val av teknisk løysing pågår
11	11	20	Herøy	Nerlandsøybrua		20,0	100,0	250,0	370,0	370,0	Ny bru. Anslag varierer mellom 270 og 500 mill.
12	12	64	Rauma	Åndalsnes				10,0	10,0	10,0	Ny bru. Behov for reguleringsplan. Anslag på heile prosjektet er ikkje gjennomført.
13	13	680	Aure	Mjosundbrua				16,0	16,0	16,0	Overflatebehandling av stålkonstruksjoner
14	14	18	Herøy	Remøybrua					0,0	370,0	Ny bru. Føresetnad om tilsvarande kostnader som på Nerlandsøybrua.
15	15	64	Eide	Hulvågbrua					0,0	32,0	Nytt KB-anlegg. Stor kloridbelastning.
16	16	191	Neset	Osbrua					0,0	32,0	Ny bru. Behov for reguleringsplan. Anslag på heile prosjektet er ikkje gjennomført.
17	17	64	Molde	Bolsøybrua					0,0	32,0	Kle inn, alternativt KB-anlegg (Ikkje kostnadsrekna). Val av teknisk løysing pågår
18	18	65	Rindal	Bolmebrua					0,0	53,0	Ny bru. Behov for reguleringsplan. Anslag på heile prosjektet er ikkje gjennomført.
19	19	669	Smøla	Kulisvabrua					0,0	16,0	Rekkverk, stål, betong
20	20	60	Stranda	Ørvollsbrua					0,0	2,0	Utskifting av rør
21	21	669	Smøla	Verjeskiftbrua					0,0	21,0	Skifte av eks. KB-anlegg.
22	22	61	Vanylven	Åheimsbrua					0,0	26,0	Viser til fylkestingsvedtak i sak T-61/13, der Åheimsbrua vert flytta fram til perioden 2018-2023.
23	23	61	Ulstein	Dragsundbrua					0,0	126,0	Ny bru. pga trafikale tilhøve. (Eks. bru er smal og er uoversiktleg pga skarp høgbrekk)
24	24	650	Ørskog	Steinholtbrua					0,0	21,0	Brua er ei ettfelts bru som står i Bk8. Det er mogleg med omkjøring, men dersom brua skal ha ei anna lastklasse er det behov for ny bru. Dette vil i så tilfelle avlaste fv 103, Giskemovegen. Det er behov for reguleringsplan, og totaltkostnader basert på anslag for heile prosjektet er ikkje rekna på. Prosessen har ikkje starta.
25	25	397	Ålesund	Tjørsundbrua					0,0	47,0	Brua er ei ettfelts bru som står i BkT8. Dersom brua skal over i anna lastklasse el. ha fleire felt med fortau, er det behov for ny bru. Behov for reguleringsplan og totaltkostnader basert på anslag for heile prosjektet er ikkje rekna på. Prosessen har ikkje starta.
26	26	661	Haram	Vatne bru					0,0		Ettfeltsbru.
27	27	65	Rindal	Holte bru					0,0		Trafikale tilhøve.
	28	655	Ørsta	Høgebrua					0,0		
Sum mindre utbetringar (Bruer)					77,0	20,0	115,5	386,1	598,6	1 439,1	
Mindre utbetringar (Tunnelar)											
1	1	64	Molde	Fannefjordtunnelen	19,2				19,2	209,0	Restfinansiering. Ferdigstilling av arbeid i 2015.
2	2	658	Giske	Godøytunnelen					0,0	179,0	Viser til fylkestingsvedtak i sak T-16/14, om tiltaksplanar for fylkesvegnettet i Møre og Romsdal. I samråd med vedtaket, er tunnelar med høg trafikk, EX-kablar og undersjøiske tunnelar prioritert, og kostnadene etter "del A" er lagt inn som venta totaltkostnad. Vi ser likevel at behovet for å få utbetra tunnelane med EX-kabel er kritisk, og at det vil kome krav om utbetring ved eventuelt tilsyn, slik at vi må setje av midlar til dette som første prioritet, men då i samsvar med "del B" for å få utbetra flest mogleg tunnelar. Ideelt sett skulle vi hatt midlar til å gjennomføre alle tiltaka i samsvar med "del A", men utan store tilleggsløyvingar, må EX-tunnelane prioriterast med dei mest kritiske tiltaka. Dvs. at det framleis vil vere utbetningsbehov også på desse tunnelane etter gj.ført tiltak. Tilstanden på tunnelane vert vurdert kontinuerleg, og ein må rekne med at prioriteringa kan endre seg ved forverra tilstand på einskilde tunnelar. I etterkant av fylkestingsvedtaket er tunnelsikkerheitsforskrifta vedtatt å gjelde også for fylkesveg. SVV arbeider med å kartlegge kva oppfylling av denne forskrifta vil koste for fylkesveg tunnelane.
3	3	653	Ulstein	Selvågtunnelen			30,0		30,0	69,0	
4	4	659	Haram	Remmefjelltunnelen			17,0		17,0	28,0	
5	5	659	Haram	Remmetunnelen			16,0		16,0	25,0	
6	6	62	Sunndal	Øksendalstunnelen					0,0	180,0	
7	7	650	Stranda	Overåtunnelen				40,0	40,0	59,0	
8	8	650	Norddal	Blikshammertunnelen				35,0	35,0	50,0	
9	9	650	Norddal	Lingetunnelen				26,0	26,0	36,0	
10	10	650	Ørskog	Visettunnelen					0,0	51,0	
11	11	650	Stordal	Stordalstunnelen					0,0	117,0	
12	12	650	Stranda	Ringsettunnelen					0,0	23,0	
13	13	18	Herøy	Sæviktunnelen					0,0	44,0	
14	14	92	Norddal	Heggurtunnelen					0,0	187,0	
15	15	191	Neset	Viketunnelen (gammel)					0,0	141,0	
